




MODALEN KOMMUNE

BUDSJETT - ØKONOMIPLAN 2025 - 2028



**Innstilling frå formannskapet – 26.11.24
Til handsaming i kommunestyret - 12.12.24**

1	GENERELLE RAMMER OG FØRESETNADER FOR BUDSJETT- OG ØKONOMIPLANARBEIDET.....	4
1.1.	Lovreglar	4
1.2.	Organisering av arbeidet og vedtak	4
1.3.	Organisatoriske verkemidler og spelereglar	5
1.4.	Fordelingsfullmakter	5
2.	GENERELT OM KOMMUNEN SIN ØKONOMI, FØRESETNADER OG OVERORDNA MÅLSETTING.....	6
2.1.	Økonomi og generelle føresetnader	6
2.2.	Overordna målsetjingar – Kommuneplan 2015-2026	7
3.	ØKONOMISKE FØRESETNADER FOR BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2025 – 2028.	9
3.1.	Føresetnader for inntektssida	9
3.1.1.	Innleiing	9
3.1.2.	Eigedomsskatt	9
3.1.3.	Skatt og rammetilskot	10
3.1.4.	Kompensasjon for meirverdiavgift.....	11
3.1.5.	Sal av konsesjonskraft.....	11
3.1.6.	Eigedomsskatt - utviding	12
3.2.	Føresetnader for utgiftssida.....	12
3.2.1.	Løns- og prisvekst.....	12
3.2.2.	Godtgjering ordførar, varaordførar og andre folkevalde	12
3.2.3.	Pensjonspremie og arbeidsgjevaravgift.....	12
3.2.4.	Avdrag	13
3.2.5.	Lånerente.....	13
3.3.	Folketal	13
3.4.	Måltal.....	13
4	BUDSJETTLØYVINGAR – AVDELINGANE – TALDEL - OVERSYN	15
4.0	Kommentarar til budsjettet for 2025	16
4.1.	Presentasjon av einingane:	16
4.1.1	Rådmannen/sentraladministrasjon:	16
4.1.2	Kultur.....	18
4.1.3	Sosial og barnevern:	21
4.1.4	Næring	23
4.1.5	Skule.....	24
4.1.6	Barnehage.....	25
4.1.7	Pleie og omsorg	26
4.1.8	Kommuneoverlege/Helsesenteret	28

4.1.9 Teknisk etat	29
4.2. Tabellar og oversyn:	33
«Små investeringar» og tiltak som vert ført i driftsbudsjettet	33
Løyvingsoversyn drift	34
Endringar, kutt, innsparingar og retting knytt til budsjettsalderinga 2025:	37
Økonomisk oversikt drift	39
 5. INVESTERINGAR.....	 41
5.1. Oversyn over investeringsprosjekt.....	41
5.2. Løyvingsoversyn – Investering	42
5.3. Utfyllande kommentarar til investeringsbudsjettet.....	42
5.4. Fondsmidlar og lånegjeld – utvikling	46

1 Generelle rammer og føresetnader for budsjett- og økonomiplanarbeidet

1.1. Lovreglar

Kommunelova set dei lovmessige rammene for kommunen sitt budsjett og økonomiplanarbeid.

Kommunen skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivaretatt over tid, jfr kommunelova § 14-1.

Kommunestyret si plikt til å vedta budsjett og økonomiplan er nedfelt i kommunelova § 14-2, bokstav a.

Kommunelova §14-4:

«Økonomiplanen skal vise hvordan langsiktige utfordringer, mål og strategier i kommunale og regionale planer skal følges opp.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer og bevilgninger og de målene og premissene som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. De skal også vise utviklingen i kommunens eller fylkeskommunens økonomi og utviklingen i gjeld og andre vesentlige langsiktige forpliktelser. Vedtaket om årsbudsjett skal angi hvor mye lån som skal tas opp i budsjettåret.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settes opp i balanse og vere realistiske, fullstendige og oversiktlige.

Økonomiplanen skal deles inn i en driftsdel og en investeringsdel. Årsbudsjettet skal deles inn i et driftsbudsjett og et investeringsbudsjett og stilles opp på samme måte som økonomiplanen.»

1.2. Organisering av arbeidet og vedtak

Arbeidet med budsjett og økonomiplan har teke **utgangspunkt** i vidareføring av eksisterande driftsnivå, justeringsbehov for kjente/vedtekne endringar, salderingsbehov i høve til krav om balanse og målsetjing om overskot, samt ei målsetjing om at netto driftsresultat over tid vert tilpassa investeringsnivået til kommunen. Budsjett og økonomiplan må i størst mogleg grad tilpassast vedtekne målsetjingar gjeve av kommunestyret. Særleg gjeld dette storleiken på netto driftsresultat, disposisjonsfondsmidlar og lånegjelda til kommunen.

I formannskapsmøtet 21.10.24 informerte einingsleiarane om status, utfordringar og endringsbehov innan sine tenesteområde. I møtet var det informasjon og dialog med sikte på signal til rådmannen i samband med utarbeiding av budsjett- og økonomiplanframlegget.

Rådmannen har gjort ferdig arbeidet og sendt ut budsjett- og økonomiplanframlegg til politisk handsaming. Formannskapet handsama sak om budsjett og økonomiplan i møte 26.11.24.

Budsjettinnstillinga frå formannskapet vert lagt til ålment ettersyn fram til handsaming i kommunestyret 12.12.24, der det vert gjort endeleg vedtak.

1.3.Organisatoriske verkemidlar og spelereglar.

Modalen kommune har hatt økonomi til å yte gode tenester for innbyggjarane i kommunen. Økonomien har vorte strammare og det er viktig med ei tydeleg prioritering framover, god økonomisk styring og at det vert fokusert på å få mest mogleg tenester ut av dei pengane ein løyver, samt at ressursbruken er i tråd med dei løyvingane og føringane kommunestyret har gjeve. Den økonomiske stoda har stramma seg til, og kommunen er meir sårbar for negative økonomiske hendingar. Det er viktig å ha buffer i den årleg løpande budsjetteringa med rom for disposisjonsfondsavsetjingar.

1.4.Fordelingsfullmakter

Kommunestyret gjev **rammeløyving** til følgjande område:

Rådmannen/sentraladministrasjon

Næring

Kultur

Sosial og barnevern

Skule

Barnehage

Pleie og omsorg

Kommunelege

Teknisk etat

Småinvesteringar (i drift)

Sentrale postar

Rammene gjevne av kommunestyret er absolutte, og endringar kan berre gjerast av kommunestyret sjølv. Den løpande oppfølginga av budsjettet på politisk nivå er lagt til formannskapet. Likevel slik at det minimum to gonger i løpet av budsjettåret skal fremjast eigne saker til kommunestyret som omhandlar kommunen sin økonomiske situasjon (tertialrapportar).

I utøving av fordelingsfullmakta kan formannskapet ikkje fatte vedtak som er i strid med budsjett/økonomiplan fatta i kommunestyret.

2. Generelt om kommunen sin økonomi, føresetnader og overordna målsetting.

2.1. Økonomi og generelle føresetnader

Kommunen si inntekt kjem i hovudsak frå følgjande finansieringskjelder:

	2025	2024	2023
Skatteinntekt inkl naturressursskatt	22,99 %	25,40 %	27,00 %
Rammetilskot	29,24 %	23,70 %	22,70 %
Skatt på eigedom	21,42 %	21,80 %	23,30 %
Konsesjonsavgift	5,11 %	4,80 %	5,30 %
Gebyr, avgift, brukarbetaling, tilskot, mva-komp.	21,24 %	24,30 %	21,70 %
Sum	100 %	100 %	100 %

Svært mykje av kommunen sin økonomi er knytt til inntekt frå kraftproduksjon. Naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt utgjer i 2025 38,9 % av dei samla budsjetterte driftsinntektene til kommunen (2024: 39,3 %, 2023: 42,8 %). Andelen var i mange år aukande og passerte på det meste 50 %, men har seinare vorte redusert.

I ein 5-års periode fram til 2022 hadde Modalen kommune inntekt frå sal av konsesjonskraft knytt til avtale med fylkeskommunen. Samla inntekt frå sal av konsesjonskraft i denne perioden var kr 19,4 millionar, men med stor årleg variasjon. I 2020 medførte salet ei nettoutgift på om lag kr 100 000, då prisen me fekk på salet (spotpris) var lågare enn sjølvkostprisen me betalte. I 2022 var nettoinntekta kr 11,6 millionar, då prisen me fekk var svært høg i høve til tidlegare. Gjennomsnittleg spotpris i 2022 var kr 1,93 pr kWh.


Det har vorte ei utfordring å tilpasse økonomien til bortfall av denne inntekta. Det var von om at eigedomsskatteinntekta over nokre år skulle auke mykje og bidra til dette. Det har vist seg at det truleg ikkje vil skje. Eigedomsskatteinntekta auka mykje i 2023, men ein del av dette var eingongsinntekt som gjaldt korreksjon/endra likning for fleire år tilbake. Sjå meir om eigedomsskatt i avsnitt 3.1.2. I tillegg til vanskar med å tilpasse ei drift utan den nemnte inntekta, vart òg det meste av meirinntekta brukt opp, i hovudsak grunna store utgifter knytt til rassikring. Mot slutten av denne planperioden er det venta auke i eigedomsskatteinntekta knytt til Statnett sin oppføring av ny transformatorstasjon i Krossdalen.

Skatteinntekt, rammetilskot, eigedomsskatt, naturressursskatt, konsesjonsavgift og andre generelle statstilskot som integreringstilskot til flyktningar vert kalla Frie disponible inntekter. Under følgjer eit diagram som syner prosentvis utvikling i desse inntektene.

Diagram - Endring i frie disponible inntekter 2021-2028 (årleg %-vis realendring):

Alle talgrunnlag i faste 2025-kroner.

Inntekt: Skatt, rammetilskot, eigedomsskatt, naturressursskatt, konsesjonsavgift, generelle statstilskot.



Det som peiker seg ut er ein stor auke i 2023, men svak utvikling etter det og i åra utover planperioden, før 2028. Den svake utviklinga i åra 2024-2027, og betringa etterpå, knyt seg i hovudsak til prognosane for eigedomsskatteinntekt og integreringstilskot. Eigedomsskatten er venta å ligge nominelt flatt dei fyrste åra, noko som medfører ein realnedgong i den inntekta, sidan me ikkje får justert inntekta i tråd med løns- og prisvekst. Det er òg det lagt til grunn nedgang i integreringstilskotet utover åra, både nominelt og reelt.

Den store auken i 2023 gjaldt hovudsakleg nettopp eigedomsskatt og integreringstilskot for flyktningar. Integreringstilskotet var ei ny inntekt frå 2023, medan eigedomsskatteinntekta auka mykje i 2023 i høve til 2022. Auken i eigedomsskatteinntekt var stor (kr 8,3 millionar), men dekkja likevel ikkje «inntektstapet» på kr 11,6 millionar etter at avtalen med fylkeskommunen om sal av konsesjonskraft tok slutt. I 2027 og 2028 ventar me ein gradvis innfasing av auka eigedomsskatt som følgje av Statnett sin utbygging av ny transformatorstasjon.

2.2. Overordna målsetjingar – Kommuneplan 2015-2026

Kommunen sine overordna målsetjingar er slik nedfelt i kommuneplanen:

1. Modalen er ein attraktiv, trygg og inkluderande plass å bu
2. Modalen kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og attraktiv arbeidsgjevar med relevant kompetanse, tilstrekkeleg kapasitet og gode tenester
3. Næringslivet i Modalen er tufta på god samhandling mellom fleire kompetansemiljø

4. I Modalen er område som fostrar fysisk aktivitet og god folkehelse lett tilgjengelege for alle
5. I Modalen har ein fokus på eit effektivt og allsidig landbruk

Det årlege driftsbudsjettet og økonomiplanen skal leggje til grunn mål og prioriteringar som er vedtekne i kommuneplanen. Dette gjeld både når det gjeld aktivitetar i tenestekområda og utviklingstiltaka som kommunen planlegg å gjennomføre sjølv eller yte stønad til.

Modalen kommune har hatt ein økonomisk handlefridom som har gjort at kommunen har kunna løyst eksisterande og nye utfordringar til beste for innbyggjarane i kommunen med stor kommunal eigeninnsats.

Inntektene i dei fyrste åra framover vil ha ein relativt svak utvikling. Det vil såleis vere viktig å gjennomføre tiltak for å redusere utgiftene eller auke inntektene, samt at alle ledd i organisasjonen bidreg til ei økonomistyring som gjer at det til ei kvar tid er tilgjengeleg og tilstrekkeleg økonomisk handlefridom.

Dette vil òg setje krav til ei streng politisk prioritering av driftskostnader, lokale stønadsordningar og investeringstiltak, eller auka utnytting av inntekspotensialet til kommunen.

3. Økonomiske føresetnader for budsjett og økonomiplan 2025 – 2028.

3.1. Føresetnader for inntektssida

3.1.1. Innleiing

I utrekning av rammetilskot og skatt er det teke utgangspunkt i dei statlege føresetnadene oppdatert etter framlegget til statsbudsjett frå regjeringa.

For desse inntektspostane er det lagt til grunn eit stabilt nivå utover planperioden. Me har ikkje lagt inn noko realauke, men ventar auke i tråd med løns- og prisvekst for desse åra.

3.1.2. Eigedomsskatt

For 2025 ventar me eigedomsskatteinntekt på kr 26,8 millionar, noko som utgjer om lag 21,4 % av samla budsjettert inntekt til kommunen. Eigedomsskatten utgjer såleis ein stor del av dei samla inntektene til kommunen. I planperioden legg me fyrst til grunn ein nominell flat utvikling, der verdien av inntekta gradvis vert spist opp av løns- og prisvekst, og så ein gradvis auke som følgje av eigedomsskatt på ny transformatorstasjon. Det lagt inn kr 2 millionar i auka eigedomsskatt i 2027 og kr 4 millionar i 2028. Eksakte tal vil komme som følgje av taksering for dei aktuelle åra. Det er vanleg praksis for større utbyggingar av anlegg å takserer og skrive ut eigedomsskatt før den aktuelle utbygginga er ferdig og anlegget tatt i bruk.

Eigedomsskatten i kommunen knyt seg i stor grad til kraftproduksjonsanlegg. Auken i kraftprisane frå 2021 og framover burde eigentleg ha påverka eigedomsskattegrunnlaga svært mykje. Men grunna ein regel om maksimumsverdi for eigedomsskattegrunnlaget, gjev ikkje kraftprisane nokon særleg ytterlegare effekt på eigedomsskattegrunnlaget. I utgangspunktet skal eigedomsskattegrunnlaget setjast til formuesverdien i tråd med likninga til selskapa, men i tillegg er det ein regel som seier at eigedomsskattegrunnlaget av kraftproduksjonsanlegga maksimalt kan setjast til kr 2,74/kwh. LVK (Landssamanslutninga for vasskraftkommunar) har opplyst at kraftanlegga i landet sin samla formuesverdi ifølgje skatteetaten er meir enn dobbelt så høgt som samla eigedomsskattegrunnlag. Svært mange anlegg, slik me òg ser det i Modalen, har nådd maksimumsgrensa, noko som gjev stor skatterabatt for kraftproduksjonsselskapa, på bekostning av kommunane.

Selskapet Eviny står ansvarleg for det aller meste av eigedomsskatten til Modalen kommune. Tidlegare år har me etterspurt og motteke prognosar for eigedomsskatten frå Eviny, og nytta desse prognosane i budsjett- og økonomiplanarbeidet. Eviny meldte i fjor at dei ikkje lenger har høve til å hjelpe oss med slike prognosar, og eigedomsskattegrunnlaga frå Skatteetaten kjem for seint til å nyttast i budsjettarbeidet.


Eigedomsskatten i Modalen kommune vert skrive ut med 7 promille av grunnlaget (lova sin maksimalsats) i 2025. Kommunen skriv ut eigedomsskatt med heimel i eigedomsskatteleva § 3 bokstav c: «berre på Kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum». Kommunen har såleis kun eigedomsskatt på kraftproduksjon

og kraftlinjer/distribusjonsnett, herunder òg transformatorstasjonar knytt til distribusjonsnettet.

Eigedomsskatten forfell til betaling i 3 terminar: 31.03, 30.6 og 30.9.

Diagram: Utvikling eigedomsskatt 2019 til 2028:

Alle talgrunnlag i faste 2025-kroner.



Diagrammet syner realinntekt. Realinntekt vil seie at me har justert for pris- og lønsvekst (inflasjon). Ein ser det er svingningar fram mot ein topp i året 2023. Toppen i 2023 vart ekstra høg grunna korrigerert/auka inntekt på kr 3,3 millionar som gjaldt eigedomsskatt for 4 tidlegare år (2018-2021). Nedgangen i planperioden frå 2024 til 2026 skuldast at me er «kommet i taket», jfr maksimalgrensa for eigedomsskattegrunnlag på kraftproduksjonen. I dei 2 siste åra i planperioden er det lagt til grunn eigedomsskatteinntekt frå ny transformatorstasjon under bygging med hhv kr 2 millionar i 2027 og kr 4 millionar i 2028.

3.1.3. Skatt og rammetilskot

Inntekta knytt til skatt og rammetilskot i budsjettet for 2025 er rekna på bakgrunn av framlegget til statsbudsjett frå regjeringa. Me legg til grunn ei flat realutvikling i planperioden. Det vil seie ei auke i tråd med løns- og prisvekst. Rammetilskotet inkluderer både inntektsutjamninga og utgiftsutjamninga mellom kommunane. Utgiftsutjamninga tek høgde for ulike behov mellom kommunane, medan inntektsutjamninga tek høgde for ulik skatteinngang mellom kommunane.

Skatt og rammetilskot utgjer 52,2 % av budsjettert driftsinntekt i 2025. I 2024 var andelen 49,2 %, i 2023: 49,6 %.


Det kommunale skatteøyret vert sett til maksimalsats ved kommunelikninga for 2025, dvs 12,75 % iflg framlegget til statsbudsjett. I 2024 var skatteøyret 10,95 %.

Det er lagt til grunn eit rammetilskot på kr 36,6 millionar og skatteinntekt på kr 28,8 millionar, inkl naturressursskatt, samla kr 65,4 millionar. I opprinneleg budsjett for 2024 var tilsvarande tal kr 60,3 millionar, og i justert budsjett kr 59,3 millionar.

Oversynet under syner utviklinga i skatt og rammetilskot samla for åra 2019 til 2028 i faste 2025-kroner.

Diagram: Utvikling skatt/rammetilskot 2019 til 2028:

Alle talgrunnlag i faste 2025-kroner.



Diagrammet syner utviklinga i skatt/rammetilskot dei seinare åra og ut planperioden. I faste 2025-prisar ser me at det har vore litt, men ikkje store svingningar. Veksten i 2020 og 2021 kom på grunn av ekstramidlar knytt til Covid 19-pandemien. I planperioden legg me til grunn ei flat utvikling på linje med 2025-nivået, dvs inntektsutvikling i tråd med løns- og prisvekst.

3.1.4. Kompensasjon for meirverdiavgift

Kompensasjon av mva-utgift i driftsbudsjettet for 2025 er lagt inn med kr 3,0 millionar. Same nivå er lagt til grunn utover i planperioden. Dette er òg på nivå med justert budsjett for 2024. Kommunen får kompensert mva-utgifta på dei fleste områda. Unntak er m.a. utgifter knytt til bustadar for utleige, drift av personbilar samt velferdstiltak. På områda knytt til vatn og avlaup er det ordinært mva-oppgjer med berekning av utgåande mva på faktura til kundane og frådrag for inngåande mva på utgiftene. Då vert meirverdiavgifta ikkje utgifts- eller inntektsført, men kun balanseført.

3.1.5. Sal av konsesjonskraft

Auka utnytting av inntekspotensialet til kommunen har vore naudsynt for å bidra til saldering av budsjettet. Budsjett og økonomiplansaka synleggjer mange tiltak som er innarbeidd i framlegget, og andre tiltak som kan vurderast. Kommunestyret har i haust handsama sak knytt til forvaltning av kommunen sin konsesjonskraft. Denne krafta har vore disponert av Modalen kraftlag gjennom avtale med kommunen for å gje rimeleg straum til innbyggjarane i kommunen. Til no har innbyggjarane fått straum til kostpris med eit tillegg for å dekke Modalen kraftlag sitt arbeid knytt til forvaltninga.

I vedtaket i kommunestyret er det lagt til grunn ei endring i handteringa av konsesjonskrafta. Vedtaket legg opp til revidert avtale med Modalen kraftlag med fastprisavtalar for abonnentane som vil gje eit overskot til kommunen som skal avreknast og overførast

månadleg. Straum til kommunalt bruk skal framleis leverast til sjølvkostpris, dvs konsesjonskraftprisen med eit påslag til dekning av Modalen kraftlag sine utgifter til forvaltning av ordninga.

Det er lagt inn ei inntekt på kr 1,2 millionar i budsjettet for 2025 som er lagt inn i ramma til Rådmannen/sentraladministrasjon. Tilsvarande beløp er vidareført i økonomiplanåra 2026 – 2028. Vedtaket i kommunestyret er føresett å gjelde fram til 31.12.25, og skal såleis vurderast på ny før den tid.

3.1.6. Eigedomsskatt - utviding

Utnytting av inntekspotensialet til kommunen må vurderast i åra som kjem, jfr kommentar i avsnittet over. Utover konsesjonskraftsal er det òg mogleg å auke kommunen si inntekt gjennom å innføre eigedomsskatt på næringseigedomar, bustader og fritidsbustader. Det er eit avgrensa tal på slike eigedomar som kan skattleggast, og dermed eit ganske avgrensa inntekspotensiale.

Dersom eigedomsskatteområdet i Modalen kommune skal utvidast til andre typar eigedomar enn i dag, må det lagast og fastsetjast retningslinjer for eigedomsskattetakseringa. Det må òg gjennomførast eit relativt omfattande takseringsarbeid. Potensialet er usikkert. Det vil sjølvsagt avhenge av talet på eigedomar, storleiken på takstane og skattesatsen som vert lagt til grunn. Eigedomskattelova har ein regel som seier at fyrste året ein skriv ut eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader, så kan ein maksimalt legge til grunn 1 promille av eigedomsskattegrunnlaget/taksten. Maksimal skattesats for bustad/fritidsbustad er 4 promille. Dersom me **til dømes** legg til grunn 300 eigedomar med gjennomsnittleg takst på kr 1,5 millionar og 1 promille i skattesats vil årsinntekta verte kr 450 000. Det er eit tids- og ressurskrevjande arbeid, slik at eventuell innføring truleg ikkje er gjennomførbart før frå 2026.

Inntekt frå evt utviding av eigedomsskatteområdet er **ikkje** lagt inn i budsjett- og økonomiplanen.

3.2. Føresetnader for utgiftssida

3.2.1. Løns- og prisvekst

I Statsbudsjettet er samla løns- og prisvekst frå 2024 til 2025 venta å verte 4,1 %. Dette er ofte omtala som den kommunale deflatoren. I 2024 er deflatoren venta å verte 4,4 %.

3.2.2. Godtgjering ordførar, varaordførar og andre folkevalde

Godtgjering for ordførar, varaordførar og folkevalde er budsjettetert i høve gjeldande reglement.

3.2.3. Pensjonspremie og arbeidsgjevaravgift

Modalen kommune har avtale med KLP om pensjonsforsikring for alle tilsette utanom lærarane, som har pensjonsforsikring i Statens pensjonskasse.

Budsjettføresetnadene er gjort med bakgrunn i prognosar frå pensjonsleverandørane, og følgjande satsar er lagt til grunn (Verdiar utanom arbeidstakarane sin 2 % andel):

Pensjonspremie	KLP Fellesordninga 21,0 %
Pensjonspremie	KLP Sjukepleiarordninga 21,0 %
Pensjonspremie	SPK 8,5 % (Lærarar)

Arbeidsgjevaravgifta er rekna med 13 % av lønspostane inkl. pensjonspremie.

3.2.4. Avdrag

Modalen kommune legg ikkje opp til auka låneopptak til finansiering av investeringsprosjekt i planperioden.

Budsjettert avdrag er sett til kr 2,5 millionar i 2025, som er same nivå som dei seinare åra. Same nivå er lagt til grunn i dei siste åra i planperioden.

Lånegjelda er venta å verte om lag kr 59,4 millionar utanom formidlingslån pr 31.12.24. Ved utløpet av planperioden 31.12.2028 er det lagt til grunn at lånegjelda er redusert til kr 49,4 millionar.

3.2.5. Lånerente

Lånegjelda til kommunen har flytande rentevilkår, der delar av lånegjelda har pt-vilkår og delar av lånerenta er bundet opp til 3 månadars Nibor – rente. I planperioden frå 2025 og utover er det lagt til grunn eit gjennomsnittleg rentenivå på 5 % i 2025 som reduserast til 4,5 %.

3.3. *Folketal*

Modalen kommune har hatt ein god vekst i folketalet etter 2010. Pr 1.1. 2010 var folketalet 344 og pr 1.7.2020 var folketalet oppe i 391. Talet har svinga litt, men hatt ein positiv utvikling frå 3. kvartal 2023. Pr 2. kvartal 2024 var folketalet 389, og pr 3. kvartal 392.

I inntektsbudsjetteringa har me ei forsiktig/realistisk tilnærming og lagt til grunn flat utvikling.

3.4. *Måltal*

Det er krav til at kommunar fastset måltal i samband med den økonomiske styringa. Dette skal vedtakast av kommunestyret i eit økonomireglement, men skal òg vere handsama i samband med rullering av budsjett og økonomiplan.

Måltala er omtala i dette dokumentet på ulike stader, men vert òg samla og presisert i dette avsnittet.

Vedtekne måltal i Modalen kommune er: Netto driftsresultat, lånegjeld, disposisjonsfond

Netto driftsresultat – mål: minst 3 % av årleg driftsinntekt

Reknesk	Reknesk	Reknesk	Budsj	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
6,70 %	7,40 %	0,2 %	0,0 %	1,4 %	0,0 %	0,4 %	1,9 %

I innstillinga til budsjett/økonomiplan er ikkje netto driftsresultat i tråd med måtalet på 3 %.

Lånegjeld – mål: maks 60 % av årleg driftsinntekt

Lånegjeld i prosent av samla driftsinntekt i planperioden:

Reknesk	Reknesk	Reknesk	Budsj	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
57,50 %	51,20 %	47,2 %	48,4 %	45,5 %	44,4 %	43,1 %	41,7 %

I innstillinga til budsjett/økonomiplan er lånegjelda innanfor måtalet på 60 % i heile perioden.

Disposisjonsfond – mål: minst 10 % av årleg driftsinntekt

Samla disposisjonsfondsmidlar i prosent av samla driftsinntekt:

Reknesk	Reknesk	Reknesk	Budsj	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
7,10 %	4,40 %	1,6 %	1,3 %	2,9 %	2,3 %	2,0 %	3,3 %

I innstillinga til budsjett/økonomiplan er samla disposisjonsfondsmidlar ikkje i tråd med måtalet på minimum 10 %.

4 Budsjettløyvingar – avdelingane – taldel - oversyn

Kommunestyret skal handsame sak om budsjett og økonomiplan 2025-2028 i møte 12.12.24.

Økonomisk sett står me føre ein planperiode med relativt store inngrep og endringar for å kunne få på plass ei drift med eit driftsnivå som gjev positive resultat for å styrke det økonomiske handlingsrommet, kunne finansiere investeringane med eigne midlar og gradvis bygge opp igjen disposisjonsfonda.

Utviklinga dei seinare åra har vore vanskeleg økonomisk sett, og det har vore utfordrande å saldere dei årlege budsjetta.

Fyrste utkast frå framskriving av budsjetttrammene for 2025 i høve til venta inntekter, synte ein stor ubalanse og eit salderingsbehov i ein storleik på kr 7 – 9 millionar. 7 millionar av eit bruttobudsjett på kr 125,2 millionar utgjer om lag 5,7 %.

Det har vore gjennomført ein prosess med gjennomgang av budsjettframlegga med ein målsetjing om balanse i driftsbudsjettet, gje rom for finansiering av investeringsprosjekta, samt gradvis gjenoppbygging av disposisjonsfondsmidlane. I gjennomgangen er det funnet tiltak i dei ulike budsjettområda som er innarbeidd i budsjettframlegget. Sjå oversyn lenger ned med spesifikasjon og konkretisering av dei ulike tiltaka. I tillegg har det vore feilrettingar som alltid i ein slik prosess.

Budsjettet for 2025 har ei bruttoramme (samla driftsinntekt) på omlag kr 125,1 millionar, og er ikkje venta å auke vesentleg i åra vidare i planperioden. Det vil verte stor reduksjon i inntekt frå integreringstilskot knytt til flyktningar og såleis ei utfordring å halde utgiftssida nede, for å få halde balanse i rekneskapen. Skal det lukkast må ein klare å få flest mogleg i inntektsgjevande arbeid.

Mot slutten av planperioden legg me til grunn auka eigedomsskatt frå ny transformatorstasjon i Krossdalen. Eigedomsskatt kan skrivast ut på anlegg under oppføring, og det er lagt inn ein føresetnad auka eigedomsskatt med kr 2 millionar knytt til dette anlegget i 2027 og kr 4 millionar i 2028.

Netto driftsresultat er i budsjettinnstillinga venta å verte omlag kr 1,7 millionar i 2025, noko som utgjer 1,5 % av driftsinntekta. Resultatet vert nær null i 2026, om lag kr 426 000 i 2027 og nær kr 2,3 millionar i 2028. Den store betringa i 2028 skuldast i stor grad venta auke i eigedomsskatteinntekta.

Dei særskilt låge driftsresultata i 2026 og 2027 er eigentleg altfor låge, og burde vore betydeleg høgare, men innstillinga må sjåast i lys av eit ynskje om ikkje å gjennomføre for drastiske tiltak i drift og tenesteyting, når me ventar ein betydeleg inntektsauke frå eigedomsskatt på ny transformatorstasjon. Full effekt av eigedomsskatten på dette anlegget kjem venteleg ikkje før i eigedomsskatteåret 2029, og ligg såleis utanfor denne planperioden.

Netto driftsresultat i planperioden:

	2025	2026	2027	2028
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekt	1,5 %	0,0 %	0,3 %	1,8 %

Modalen kommune har hatt ein solid økonomi og god handlefridom, men avgrensa inntektsutvikling kombinert med utgiftsvekst har gjeve negativ effekt på driftsresultatet. Det er viktig å planlegge og styre drifta, slik at me klarer å halde netto driftsresultat på eit nivå som gjev rom for å ha buffer mot uføresette hendingar/endringar, samstundes som investeringsnivået vert tilpassa resultatet frå drifta, og ein opprettheld høvet til å eigenfinansiera investeringane i størst mogleg grad.

Det er viktig å vera merksam både på utviklinga i driftskostnadene og -inntektene, slik at økonomien vert styrt til beste for kommunen og innbyggjarane. Å ha tilstrekkeleg med midlar til eigenfinansiering av investeringar er nødvendig, slik at ein kan sikra at det over tid er høve til å få på plass nødvendig infrastruktur mv som ofte vil ha høg kostnad i høve til talet på brukarar/innbyggjarar.

4.0 *Kommentarar til budsjettet for 2025*

Budsjettinnstillinga for 2025 har teke utgangspunkt i driftsnivået som har vore i 2024, justert for kjente endringar og inkludert kutt/nedjusteringar i tråd med innsparingslistene.

4.1. *Presentasjon av einingane:*

4.1.1 Rådmannen/sentraladministrasjon:

Rådmannen

Rådmannen har det overordna ansvaret for heile kommunen. Rådmannen skal syta for at sakene vert førebudd før politisk handsaming og for at politiske vedtak vert sett i verk. Sidan 1. januar 2013 har den administrative organiseringa vore ein modell med to nivå. Denne modellen har fungert godt. Leiarane for dei einskilte einingane har ansvar for sine område innan økonomi, personale og fag og rapporterer direkte til rådmannen.

Rådmannen har det overordna og samla budsjettansvaret. Det direkte og faglege ansvaret vert ivareteke av økonomisjefen. Rådmannen har direkte ansvar for dei delar av budsjettet som er meir sektorovergripande med særleg vekt på dei politiske organa, IKT, kommunekasserarfunksjon og næringsutvikling. Etter den administrative omorganiseringa er tenestene for sosial/NAV og barnevern også lagt til rådmannen.

Modalen skal vera ein effektiv organisasjon som utviklar og tar i bruk innovative og digitale løysningar. Digitalisering er eit viktig satsingsområde for Modalen kommune for å effektivisere arbeidsprosessar og betre tenestene til innbyggjarane. Innbyggjarane i kommunen forventar digitale tenester og digital dialog med kommunen. Organisasjonen er avhengig av digitale løysingar for å kunne effektivisere arbeidsprosessar og tenesteproduksjon ytterlegare framover. Eit sterkt IKT samarbeid mellom kommunar er plattformen for vidare utvikling

lokalt. Dette mellom anna for betre å ivareta og samordne dei ulike oppgåver som er lagt til kundetorget som eit sentralt dokument- og servicesenter for kommunen.

Dei tilsette i Modalen kommune utgjør den viktigaste ressursen som kommunen rår over. Ei opplæringsnemnd, der tillitsvalde er representert, styrer opplæringsmidlane som skal nyttast til utvikling og kunnskapsheving blant dei tilsette. Rådmannen og leiarane har også det overordna ansvaret for arbeidsmiljøet og personalpolitikken som er viktig i alle organisasjonar. Omorganisering, som er gjennomført, er både med å tydeleggjere ansvaret og styrkjer personalarbeidet på einingsnivået. Midlar til kjøp av tenester frå bedriftshelsetenesta er sett av til å gjennomføre ulike tiltak som vert planlagt for 2025. Overordna personalansvar og felles oppgåver er lagt til stillinga for assisterande rådmann.

Stillingsressurs: Rådmannen: 100 %. Assisterande rådmann: 100 %
Sentralbord /arkiv/ kundetorg/: 310 %

Fellesfunksjonar:

Lærlingordning: Vi har ved inngangen til 2025 1 lærling som inngår i den kommunale tenesteproduksjonen.

Seniortiltak: Ordninga er føresett vidareført.

Rådmannen - Mål for 2025:

- Gjennomføre felles samarbeidsprosjekt gjennom IKT-Nordhordland for digitalisering
- Gjennomføre felles prosjekt med dei andre randkommunane og nye Alver kommune for å greie ut moglege samarbeidsområde innafor tenesteutviklinga til kommunane.

Kommunekasserar/økonomisjef

Oppgåvene til avdelinga omfattar rekneskapsføring, årsavslutning, koordinering av Kostra-rapportering, remittering/rekningsbetaling, fakturering og oppfølging, budsjett og budsjettoppfølging, eigedomsskatt, finans, samt støtte og rådgjeving for avdelingane.

Stillingsressurs: Økonomisjef: 100 %

IKT

Det interkommunale IKT samarbeidet i Nordhordland har gjeve gode resultat for alle kommunane. Samarbeidet har styrka tenestene og ein ser god nytte av dette samarbeidet både for utføring av tenester, innkjøp, driftstryggleik og utviklingsoppgåver.

Til vår del av IKT Nordhordland sine driftskostnader for 2025 er det sett av kr 2 100 000. I tillegg kjem kostnader for ulike lisensar, kontingentar, digitalisering og ulike prosjektkostnader.

Innan IKT-budsjettet har vi no samla alle føringar av kostnader relatert til IKT (drift, investeringar, serviceavtalar og lisensar) for alle einingar og sentraladministrasjon samt kostnader til kopimaskiner og telefoni. Innan dette budsjettområdet vert også alle inntekter og kostnader til drift og vedlikehald av fibernettet ført. Dette gjev god styring og kontroll. Budsjettet tek omsyn til å vidareføre tilbod og kvalitetsnivå som vi har i dag slik at vi kan samhandle og vere på eit kvalitetsnivå med samarbeidande kommunar.

Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ta i vare innbyggjarane sin sikkerheit og tryggheit innanfor sitt geografiske område. Alle uønskte hendingar skjer i ein kommune, og kommunane utgjer det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen.

På bakgrunn av nye krav gjennomførte kommunen ein hovudrevisjon av den overordna krise- og beredskapsplanen i 2023. Planen vart sist revidert vinteren 2024, og mindre endringar i planen skjer fortløpande gjennom året og fast ved overgang til nytt kalenderår. Tenestene har også egne beredskapsplanar basert på lokale forhold.

Kommunen skal ta omsyn til tryggleik og beredskap i samband med all arealplanlegging. Det er m.a. krav om at det vert utarbeida risiko- og sårbarheits analyse i samband med alle nye reguleringsplanar. Forskrift om konsekvensutgreiingar omtalar i kva tilfelle det skal utarbeidast konsekvensutgreiing (KU) og kva denne skal innehalde.

Mål og tiltak for samfunnstryggleik og beredskap i 2025 er :

- Gjennomføre ei årleg beredskapsøving for kriseleinga
- Årleg revisjon av krise- og beredskapsplan
- Revidere overordna ROS analyse

Mo sokn

Tilskotet til Mo sokn (kyrkja) inngår i rådmannen sitt budsjett- og ansvarsområde. For 2025 er det i budsjettinnstillinga lagt til grunn kr 1 316 000 i tilskot til drifta. Dette er ca 4 % auke i høve 2024, men nedjustert i formannskapet med kr 30 000 som er nytta til å finansiere tilsvarande auke i tilskotsmidlar til lag og organisasjonar i kulturbudsjettet. Mo sokn har ulike aktivitetar for alle aldersgrupper i kommunen, og mykje av arbeidet dei gjer er basert på frivillige.

Politisk

Godtgjering til ordføraren og alle folkevalde vert belasta rådmannen sitt område. Budsjettet er justert i samsvar med gjeldande reglement. Dette gjeld òg kostnader til frikjøp og refusjon av tapt arbeidsforteneste for folkevalde. Tilskot til fordeling mellom politiske parti er avsett med kr 10 000 då det synes ikkje å vere stor trong til politisk arbeid utover frikjøpsordningar og godtgjerdse etter revidert reglement.

4.1.2 Kultur

Konsulent for kultur og fritid har eit særskilt ansvar for kultur-, idretts og aktivitetslivet i kommunen, som ein pådrivar på einskilde område og ein tilretteleggjar for andre.

Pådrivarrolla inneber å invitere til eller etablere samarbeid, utvikle arrangement og leggje til rette for at andre kan skape. Konsulenten samarbeider med skule om den kulturelle skulesekken, med barnehage om den kulturelle barnehagesekken og Modalstunet om den kulturelle spaserstokken. Det vert lagt til rette for arrangement som t.d. barna sin dag, julemarknad, bygdekino og konsertar.

Kulturkonsulentstillinga er ei 100 % stilling, og føl mellom anna opp ungdomsråd og arbeidet med turstiar. Ho er òg involvert i flyktningearbeidet i kommunen.

For 2025 vil me i større grad enn tidlegare, nytta regionale og nasjonale søknadsordningar for å skape aktivitet i kommunen. me har òg eit mål om å gjere aktuelle søknadsordningar kjent for lag, organisasjonar og private i kommunen.

Modalen kommune deltek i den nasjonale «AlleMed dugnaden» mot fattigdom og utanforskap blant barn og unge. Me vil fortsetje med dette arbeidet òg i 2025.

I 2025 er det «Friluftslivets år», noko som ein allereie har starta arbeidet med. Her er målsetjinga at innbyggjarane skal oppdage nærmaturen, invitere kvarandre ut og prøve nye friluftslivaktiviteter. Det er i hovudsak frivillige lag- og organisasjonar som tar seg av aktivitetane, men kultur har ein koordinatorrolle i arbeidet.

Me kjem òg til å arbeide vidare med prosjekt Friluftslivets ferdselsårer.

Etablering av BUA – utstyrsutlånsordning

I byrjinga av 2025 vil me få på plass ei ordning med gratis utlån av fritidsutstyr for innbyggjarar og besøkande. Dette gjeld alt frå skiutstyr, soveposar, telt, sykklar til oppblåsbare kajakkar. Utstyrssentralen er planlagd etablert på Flodmaal. Førebels vil ansvaret for oppfølging av BUA vere knytt til stillinga som konsulent for kultur og fritid.

Redusert budsjett

Kultur tildeler kulturmidlar til lag og organisasjonar, kulturminneverntilskot til private og støtte til ulike arrangement. I 2025 ser rådmannen behov for å redusere tilskotsmidlane til om lag 1/3 av tidlegare løyvingsmidlar. Formannskapet har i høve til framlegget auka tilskotsmidlane med kr 30 000 i si innstilling. Auken gjeld tilskot til frivillige lag og organisasjonar.

Dei siste åra har kommunen arrangert og vore kostnadsberar for Modalsdagane. I budsjettinnstillinga for 2025, er det ikkje lagt inn kommunale midlar til å gjennomføre Modalsdagane.

Ungjobb og aktivitetsveker

Kommunestyret har vedteke at alle ungdommar folkeregistrert busett i kommunen har rett på 3 veker arbeid i sommarferien. Tilbodet gjeld ungdommar i aldersgruppa frå og med det året dei fyller 16 år til og med det året dei fyller 20 år. I 2024 var det 19 ungdomar som takka ja til tilbodet.

Kundetorget er koordinator for Ung Jobb. Tilbod om ungjobb gjeld for alle tenesteområde, men kultur/kundetorg og teknisk drift tilbyr flest plassar. Kostnadene vert fordelt dei ulike tenesteområda etter tal ungjobbarar.

Kommunen tilbyr også aktivitetsveker som ein del av ungjobb-tilbodet. Her har to ungjobbarar planlagd og gjennomført aktivitetar for 4. til 10. trinn 2 veker i sommareferien.

- ⇒ I budsjettframlegget for 2025 er det **ikkje** teke med kostnader knytt til ungjobb eller aktivitetsveker. Kulturavdelinga har søkt om midlar til å dekke 80 % av kostnadene knytt til desse tilboda. Bufdir vil gje svar på søknaden i januar 2025. Dersom positivt svar, vil tilboda kunna vidareførast. Formannskapet har bede administrasjonen om å legge fram sak til kommunestyret knytt til vurdering av justering og gjennomføring av Ung jobb, når svar på søknad frå Bufdir ligg føre.

Målsetjing for 2025

- Bidra til å skape aktivitetar under Friluftslivets år 2025
- Fortsetje arbeidet knytt til AlleMed dugnaden
- Utarbeide plan og tilrettelegge for bruk av friluftslivets ferdselsårer

- Ha gode rammevilkår for lag og organisasjonar.
- Etablere utstyrsutlånsordning (BUA)

Bryggjeslottet

Oppfølging av aktivitetar m.m. på Bryggjeslottet er knytt til kundetorget. Bryggjeslottet skal vere ein tilgjengeleg aktivitetsarena for lag og organisasjonar gjennom heile året. Her vert større fellesarrangement som kino, konsertar og t.d. julemarknad haldne. Bygget har ein viktig folkehelsefunksjon for innbyggjarane i Modalen gjennom eit lågterskeltilbod om fysisk aktivitet i gymsal, symjebasseng, badstu og treningsrom. I tillegg er huset ein sosial møteplass for folk i ulike aldrar.

Bryggjeslottet skal vere ein lågterskel møteplass for alle som vil kome. me vil tilrettelegge for open hall i 2025 einskilde dagar i feriar eller helger. Her vil familiar og ungdomar verte invitert til ulike frileiks-aktivitetar i gymsalen. Etter å ha vore i drift sidan 2007 vart det gjort ei omfattande oppgradering av bowlinganlegget i 2023. I 2025 er det behov for å sjå på nye/fleire område for aktivitet for m.a. å kunne auke inntektsnivået framover. Samanlikna med andre liknande tilbod har prisar for bruk av basseng og bowling for einskildbesøk i Bryggjeslottet vore høg. Me vurderer at dersom me ønskjer at fastbuande, besøkande eller turistar skal nytte seg av tilbodet meir enn ein gong, så må me redusere prisane i 2025.

Målsetjing for 2025

- Bryggjeslottet skal vere sentral i marknadsføringa av kommunen.
- Vere eit kultur- og aktivitetshus for folk i alle aldrar.
- Tilrettelegge for «open hall» i feriar og einskilde helger
- Sjå på fleire område for aktivitetar i bygget.

Biblioteket

Biblioteket har 50 % stilling som biblioteksjef. Biblioteket er bemanna onsdag, torsdag og fredag, medan det er sjølvbetent løysing dei andre vekedagane.

Sektoren er i endring og tradisjonelt bokutlån aleine er ikkje lenger den einaste «foten» biblioteket skal stå på. Kunnskap, oppleving og oppdaging er framleis viktige stikkord, men formidlarrollen har blitt ein meir sentral del av samfunnsoppdraget. Biblioteka skal sjølve «dra i gang» eller vere vertskap for ulike typar (kulturelle) arrangement.

Målsetjing for 2025

- Halde fram me utvida opningstid – tidvis ubetent
- Tilby fleire digitale tenester
- Biblioteket skal vera ein møteplass som formidlar kunnskap og oppleving
- Involvere born og unge i arrangement, i samarbeid med skule og kulturavdelinga.

Fritidsklubben

Ungdomane har eige ungdomslokale i 2. etasje ved Mobrygga. Ungdomslokalet er tilgjengeleg kvar dag for ungdomane, og det er inngått avtale mellom ungdomar, foreldre og konsulent for kultur- og fritid om oppfølging av lokalet. I første kvartal 2025 reknar me med at me har ein leiar for fritidsklubb på plass, i ei 20 % stilling. Hen vil samarbeide med konsulent kultur og fritid om oppfølging av barn og unge.

Målsetjing for 2025

- Tilrettelegge for fritidsklubb for elevar til og med 7. klasse, samt for elevar frå 8. klasse og oppover
- Skape aktivitet for born og unge også utanfor kommunegrensene
- Jobbe med å inkludere born og unge

Ungdomsrådet

Ungdomsrådet arbeider for at Modalen kommune skal vera ein god kommune å veksa opp i, og skal vera med å gje råd i beslutningar som påverkar born og ungdom. Dette gjeld både utdanning, kultur, miljø, samferdsle, idrett, helse og samfunnsutvikling. Konsulent for kultur og fritid er sekretær for rådet, som er etablert med leiar, nestleiar, 3 medlemmer og minimum 2 varamedlemmer. Nytt ungdomsråd for to år vart vald hausten 2024

Målsetjing for 2025

- At ungdomsrådet skal vere informerte og kunna medverke i saker som er til kommunal sakshandsaming.

4.1.3 Sosial og barnevern:

NAV/sosial

Modalen kommune inngår i NAV Fensfjorden, som er eit interkommunalt samarbeid om NAV-teneste med kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden og Gulen. NAV Fensfjorden er lokalisert på Hosteland i Masfjorden kommune, og samlar kommunalt NAV og statleg NAV. Det er Masfjorden kommune som er vertskommune for samarbeidet.

Modalen kommune sine innbyggjarar skal kunne nytte NAV-tenestene gjennom telefon, Mitt NAV (direkte personleg kommunikasjon via NAV si nettside – krev innlogging), samt individuelle møter med NAV-tilsette i Modalen etter avtale.

Barnevern

Modalen kommune har inngått vertskommunesamarbeid med kommunane Osterøy og Vaksdal frå 01.07.2022. Samarbeidsavtalen vart lagt fram for kommunestyret i sak 020/2022 den 25.05.2022, og små endringar i avtalen vart handsama i sak 042/2022 den 03.11.2022. Det vert gjennomført samarbeidsmøte med kommuneleiinga, samt årlege nettverksmøte der barnevernet tek del i utvida oppvekstteam saman med ass. rådmann, PPT, skulen, barnehagen og helsestasjonen i Modalen.

Flyktningetenesta

Frå sommar 2022 har Modalen kommune busett 27 flyktningar frå Ukraina, etter vedtak i kommunestyret jamfør anmodning om busetting av flyktningar. Flyktningetenesta i Modalen koordinerer og følgjer opp busetting, praktisk hjelp og rettleiing, introduksjonsprogram med språkopplæring og språkpraksis, og vidare dialog med NAV. Modalen kommune har i 2022 og 2023 kjøpt språkopplæringsplass av Masfjorden kommune. I 2024 har det vore eit lokal språktilbod i Modalen kommune med ein endå tettare oppfølging av kandidatane knytt til språkundervisning og språkpraksis. Dette tilbodet skal fasast ut i 2025, i samarbeid med NAV og vurdering av behov framover.

Administrasjonen har jobba med å etablere ei fleksibel teneste som legg til rette for god busetting og integrering. Det vert jobba fortløpande med utvikling av flyktningetenesta jamfør evaluering av behov.

Alkohol/rus

Kommunestyret i Modalen vedtok i juni 2020 revidert Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2020 – 2024. Denne er sett i gong revidering av denne hausten 2024.

Edruskapsvern omfattar førebyggjande perspektiv, rettleiing og iverksetjing av tiltak dersom behov oppstår. Den rusmiddelpolitiske handlingsplanen skildrar korleis dette tilbodet er lagt opp. Rådmannen vil understreke at det er avgrensa etterspurnad etter slik hjelp i kommunen, berre 0 – 1 saker per år, men at det er av høg verdi at tenesta fungerer godt når behov oppstår. Naturlege samarbeidspartar er NAV og eining for helse. Det er også kome nye lovpålagte krav knytt til oppfølging av russaker der personar vert ilagt møteplikt for gjennomføring av ruskontroll.

Modalen har per i dag 2 butikkutsal og 1 skjenkestad for alkoholhaldig drikke i kommunen. Rådmannen har delegert fullmakt til å tildele ambulerande løyve og einskildløyve.

Modalen kommune har avtale med privat skjenkekontrollør som fører tilsyn med, og kontroll av, sals- og skjenkestadane. Kontrolløren rapporterer årleg på gjennomførte tilsyn. Hausten 2024 er det sett i gang ein evalueringsprosess av denne ordninga og det vil bli jobba vidare med dette utover i 2025.

Mål 2024

1. Implementere rutiner og system for samarbeid både administrativt og politisk i interkommunal barnevernsteneste mellom kommunane Osterøy, Vaksdal og Modalen.

Evaluering:

Gjennom den årlege rapporteringa frå barnevernstenesta, vert det sett fokus på tenesta i politisk leiing. Administrativ leiing følgjer opp samarbeidet gjennom halvårlege møter, og det er etablerte møtepunkt og samhandling mellom aktuelle tenester og barnevernstenesta.

2. Sikre at NAV Fensfjorden leverer tenester i tråd med det Modalen kommune er tent med.

Evaluering:

Administrativ leiing følgjer opp samarbeidet gjennom halvårlege møter, og det er fortløpande møtepunkt mellom kommunale tenester og NAV, både med fokus på individuell oppfølging, samt oppfølging på systemnivå.

3. Implementere og vidareutvikle flyktningetenesta etter nye lovkrav og lokale behov.

Evaluering:

Det er i 2024 vorte etablert og gjennomført lokal språkundervisning for flyktningar busett i Modalen. Dette har gitt gode synergieffektar for heilskapleg oppfølging av introduksjonsprogrammet for flyktningar. Det er elles individuell oppfølging etter behov, og integreringsteamet jobbar på tvers både med individuell tilrettelegging og tenesteutvikling.

Mål 2025

1. Legge til rette for tett og godt samarbeid med NAV Fensfjorden og vere aktiv bidragsytar i systemarbeid på tvers av kommunane i samarbeidet.
2. Legge til rette for tett og godt samarbeid både administrativt og politisk i interkommunal barnevernsteneste mellom kommunane Osterøy, Vaksdal og Modalen.
3. Implementering av rusmiddelpolitisk handlingsplan og evaluering av ordninga for kontroll av sals- og skjenkestader.

4.1.4 Næring

Det er assisterande rådmann som føl opp tenesteområdet Næring. Dei viktigaste oppgåvene er å sikre at kommunen sin vedtekne strategiske næringsplan (2017) vert følgt opp, samt sakshandsaming og forvaltning knytt til næringsfondet.

Modalen kommune er ein del av Osterfjorden næringssamarbeid saman med Osterøy og Vaksdal kommunar. Her har det vorte arbeidd med strategisk plan, oppfølging av felles prosjekt, samt arrangering av kurs.

Næringsutvikling er ein viktig del av samfunnsutviklinga i Modalen. Me har eit noko avgrensa næringsliv kor om lag 80 % av arbeidsplassane er i kommunal sektor. Samstundes har me verksemdar som har gjort stort og viktig arbeid og bidreg med lokale arbeidsplassar.

I 2024 (per 31.10.2024) har følgjande fått innvilga stønad frå næringsfondet:

Mottakar av stønad	Sum og type stønad	Kommentar
Næringsfondsstyret:		
<i>Prosjekt – Ope landskap</i>	<i>Tilskot: kr 102 000,-</i>	<i>Næring/Tenester, fordelt på 3 år</i>
<i>iModalen AS – Reiselivsaktivitet 2024</i>	<i>Tilskot: kr 98 000,-</i>	<i>Næring/Tenester</i>
<i>Landbruk – Kjøp av traktor</i>	<i>Tilskot: kr 90 000,- Lån: kr 120 000,-</i>	<i>Landbruk</i>
Administrativt vedtak:		

Næringssatsinga i Modalen kommune føregår i tett samarbeid med landbrukstenesta. Landbruket representerer ein stor del av den samla næringsverksemda i kommunen. Dette finn ein att i kommunen sin strategiske næringsplan, samt i dei særlege stønadsordningane (næringsfondet) som er retta mot landbruket. I 2023 og 2024 er strategisk næringsplan under revidering.

Mål 2024 – evaluering

1. Ferdigstille revisjon av Modalen kommune sin strategiske næringsplan.

Evaluering:

Revidering av strategisk næringsplan har fortsatt i 2024. Det har vore møter med ordførar og formannskap om revidering av planen. Planen er utsett til å ferdigstillast i løpet av vinteren 2025.

Mål 2025

1. Ferdigstille revisjon av Modalen kommune sin strategiske næringsplan og implementere tiltak frå handlingsdelen.

4.1.5 Skule

Rektor ved Mo skule er ansvarleg for rammeområdet. Ansvarsområdet omfattar grunnskulen, skulefritidsordninga, vaksenopplæring på grunnskulenivå og kulturskulen. I tillegg har rektor det kommunale skuleansvaret som ein del av stillinga.

Grunnskulen

Alle elevar frå Eidslandet i Vaksdal kommune går framleis på Mo skule. Avtalen gjeld for eit år om gongen fram til den vert sagt opp av ein av partane. For 2025 betaler Vaksdal kommune kr 109 993 pr elevplass pr. år. Dette er i tråd med satsar for gjesteelevar i Hordaland fylke og gjeld òg for andre gjesteelevar ved Mo skule. Den same satsen vert nytta for gjesteelevar òg frå andre kommunar.

Elevtal	<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>	<u>2011</u>	<u>2012</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>	<u>2017</u>
	57	66	74(19)	71(16)	74(17)	72(17)	79(16)	77(15)	86(20)	81(19)

Elevtal	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
	70(9)	65(5)	59(4)	58(5)	55(7)	55(7)	46(5)	50(6)

(Tala i parentes viser elevtalet frå andre kommunar som inngår i det samla elevtalet.)

Kulturskulen: Kulturskulen i Modalen er lokalisert til Mo skule. Kulturskulen gjev tilbod i musikkopplæring innan song og eit breitt utval instrument. I tillegg vert det arrangert kortare

kurs innan andre kultur-/uttrykksformer. Hausten 2024 er det 22 elevplassar ved kulturskulen i Modalen. Det er tilsett pedagog i 40% stilling i kulturskulen.

SFO er organisert med opning før og etter ordinær skuletid som tidlegare. Elevar i 1.- 4.klasse har SFO inne i skuletida dei dagane dei har korte undervisningsdagar. Dette tilbodet vert gjeve utan foreldrebetaling, då det ikkje er sett opp skuleskyss etter undervisningsslutt for desse elevane. Rammeplan for SFO er no implementert ved Modalen SFO.

Born i SFO:	<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>	<u>2011</u>	<u>2012</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>	<u>2016</u>	<u>2017</u>
	16	11	23	25	32	28	28	31	37	32

Born i SFO:	<u>2018</u>	<u>2019</u>	<u>2020</u>	<u>2021</u>	<u>2022</u>	<u>2023</u>	<u>2024</u>	<u>2025</u>
	26	17	19	18	21	20	23	16

Vaksenopplæring

Modalen kommune kjøper teneste frå Alver innan vaksenopplæring på grunnskulenivå.

Stillingsressurs for alle ansvarsområde: 16,95 årsverk.

PPT:

Pedagogisk psykologisk teneste vert kjøpt frå Vaksdal kommune. Budsjettmessig vart dette lagt inn under Mo skule frå 2014.

Mål 2025

- Mo skule og Modalen barnehage samarbeider om utviklingsarbeid for å påverka språk og åtferd hjå born og unge i positiv lei.
- Mo skule er ein PALS-skule. Elevåtferd og utvikling av eit trygt og inkluderande skulemiljø vert arbeidd med kontinuerleg.
- Fokus på tidleg innsats og tilpassa opplæring.
- Modalen kommune og Mo skule har fått fleire elevar med flyktningstatus. Det vert arbeidd for å gje desse ein trygg og god kvardag ved Mo skule.

4.1.6 Barnehage

Modalen barnehage er ein 3-avdelingsbarnehage, med avdelingane 0-2 år, 2-4 år og 4-6 år. Styrar er ansvarleg for rammeområdet.

Staten sine tilskot til drift av barnehagen inngår i rammetilskotet ut frå talet born i alderen 0-6 år busett i Modalen kommune. Born busett i andre kommunar kan nytte plass i barnehagen, så lenge det er avtale med bustadkommunen om finansiering av plassen.

Det er 27 barn, 33 plassar i barnehagen. 5 av borna kjem frå andre kommunar. Hausten 2025 går barnetalet ned grunna stort førskulekull. Då vert summen 20/26 barn. Bemanninga vert justert i høve barnetal og bemanningsnorm.

Bemanningsnorma er 1 vaksen pr 5 barn. Me erstattar planleggingstida til pedagogane (pedagog i 100 % har 6 timar planleggingstid) med assistentar, slik at ein i større delar av barnehagekvardagen går med full bemanning.

Barnetal:	<u>2007</u>	<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>	<u>2011</u>	<u>2012</u>	<u>2013</u>	<u>2014</u>	<u>2015</u>
	28	36	36	37(7)	32(6)	34(9)	34(9)	31(8)	21(6)

<u>2016</u>	<u>2017</u>	<u>2018</u>	<u>2019</u>	<u>2020</u>	<u>2021</u>	<u>2022</u>	<u>2023</u>	<u>2024</u>	<u>2025</u>
21(5)	28(9)	27(12)	31(11)	28(10)	27(8)	21(2)	24(4)	26(5)	27(5)

Tala i parantes viser barn frå andre kommunar som inngår i det samla barnetalet.

Stillingsressurs: 8,76 årsverk.

Utviklingsmål Modalen barnehage 2025

1. Me er igong med eit nettbasert kurs for alle tilsette i Tegn -til-tale for å auke kompetansen vår her for å styrke det språklege arbeidet i barnehagen. Me heldt fram samarbeid med StatpedVest kring ASK (Alternativ Supplerande Kommunikasjon)
2. Halde fram med å arbeide målretta og iverksette tiltak for å redusera sjukefråvær. Fokus på sosialt samkvem i personalgruppa som fører til trivsel.
3. Uteområdet. Vidare plan for uteområdet og utbetringar vert arbeida med og det er meldt inn ynskje om oppgradering av området for dei yngste barna i barnehagen. Lage eit spennande leikemiljø for barna i denne aldersgruppa som bidreg til å fremja motorisk aktivitet, rolleleik, vennskap og gode leikeopplevingar.
4. Me vil samarbeide tettare med Mo skule i høve utviklingsarbeid «Godt språkleg og sosialt miljø i oppvekst Modalen kommune». Dette fordi me i Modalen, som i samfunnet generelt, opplever ei auke i bruk av uakseptabelt språk, auka tendens til bruk av vold og opponering av grenser i oppvekstmiljøet.

4.1.7 Pleie og omsorg

Modalstunet har totalt 16 sjukeheimplassar. Drifta har stabilisert seg på 4-8 plasser gjennom året inkludert korttidsplassar, avlastning og 2 stk utleigeplassar frå 01.01.24 – 30.06.24. I tillegg er det og leigd ut 1 leigeplass frå 23.09.24- 22.01.25. I budsjettet for 2025 er det lagt

inn inntekt frå 1 utleigeplass til 22.01.25. Me vil kunne få avklart i løpet av november 2024 om me får leigd ut leigeplass utover det som er avtalt pr.no.

Tenesta ser ein stor auke i heimetenestebehov, noko som vil gje auke i tenestetimar i åra som kjem. I tillegg ser me at lovpålagde tenester innan avlastning/omsorgsstønad er aukande. Ved at fleire eldre bur heime, vil det verte behov for auke i heimetenesta og praktisk bistand.

Frå i år og åra framover er det innført pakkeforløp i ulike kreftbehandlingar på sjukehus. Kommunen får ansvar for å fylgje opp pasientane som takkar ja til oppfølging etter utskriving frå sjukehus av kreftsjukepleiar i kommunen.

Behandlingar knytt til medikament og utstyr gjev auke i kostnad. Det er lagt inn kostnad i budsjett til fagleg opplæring.

Kommunen har krav om sjukepleiekompetanse gjennom døgeret. Me ser ein auke i pasientar med samansette diagnoser, det vil såleis vere naudsynt å ha god sjukepleiekompetanse i tenesta. Kommunen har overteke øyeblikkeleg hjelp tilbod frå 01.01.23, som me før hadde avtale med Alver kommune om. Det fører til ein auke i kostnad til oppbygging, innkjøp av diverse utstyr og krev sjukepleiekompetanse heile døgeret og legesamarbeid for forsvarleg tilbod.

Dagtilbod til heimebuande omfattar no 9 stk. Ut frå at talet på eldre vil auke i åra som kjem, vil og etterspurnaden av denne tenesta auke. Tilbodet er ope kvar onsdag frå kl. 07.30 – 15.00. Ved at eldre heimebuande møtes i eit fellesskap, gjev det dei livskvalitet og meistring til å bu lengst mogleg i eigen heim. Såleis er det eit førebyggjande tiltak for m.a. å kunne redusere/unngå angst og depresjon. Ved å tilby denne tenesta, vil det utsetje institusjonsplass, og dermed redusere kostnader i drift.

Velferdsteknologiprogram (NVP), (St. meld nr. 29 (2012-2013)), skal sikre at velferdsteknologi blir ein integrert del av helse- og omsorgstenesta. Etter at VFT i 2022 vart lagt inn i drift i kommunen, gjer det til at tenesta vil få kostnader ved innkjøp/leige og drift av utstyr i åra som kjem. I framtida vil me kunne sjå vinstar i drifta. Bruk av velferdsteknologi skal vere ein del av dei heilskaplege tenestene, som vert tildelt etter søknad.

Reforma «Leve hele livet» er ei kvalitetsreform som vart integrert i kommunen i åra frå 2019 – 2023 (St.m 15. 2017-2018). Meldinga sitt hovudfokus er å skape eit meir aldersvenleg Noreg, og finne nye og innovative løysingar på dei kvalitative utfordringane knytt til: aktivitet og fellesskap, mat og måltider, helsehjelp, samanheng og overgangar i tenestene. Det vert lagt inn kostnader i budsjettet til gjennomføring av reforma.

Det har vore eit stabilt år ut frå rekrutteringstiltak til sjukepleiarrekruttering. 2 sjukepleiarar har slutta i tenesta, og det er ikkje tilsett nye sjukepleiarar i stillingane. Det har vorte utført justeringar i drifta i haust, noko som gjer at me får dekkja stillingane internt med dei ressursane ein har i tenesta.

Pleie og omsorgsteneste: Mål 2025

- 1.Arbeide målretta mot reduksjon i sjukefråvær - fokus på arbeidsmiljø.
Vidareføre handlingsplan etter Arbeidsmiljøundersøking 2023.

Frist: Kontinuerleg gjennom året gjennom møter med HTV/verneombod ein gong/mnd og personalmøter kvar 6-8 veke, sjukepleiemøter kvar 6 veke.

2. Kompetanseheving for tilsette med vidareutdanning, faglege kurs mm.

Frist: Kontinuerleg gjennom året.

3. Utarbeide retningslinjer i tenesta og få lagt dei inn i kvalitetssystemet Netpower.

Myndiggjering av tilsette ut frå utarbeidde retningslinjer.

Frist: Kontinuerleg gjennom året.

4. Vidareføring av implementering «Leve hele livet» reforma.

Frist: Kontinuerleg gjennom året.

5. VFT skal vere ein del av drifta, opplæring til tilsette, brukarar og pårørande mm.

Frist: Kontinuerleg gjennom året.

6. Innføring «pakkeforløp hjem» i høve kreftpasientar i løpet av året.

Stillingsressurs: 20 årsverk

4.1.8 Kommuneoverlege/Helsesenteret

Kommuneoverlegen har leiaransvaret for helsetenestene i kommunen. Dette omfattar legetenesta, helsestasjon, fysioterapitenesta, legetenesta på sjukeheimen og psykisk helseteneste. Kommuneoverlegen har òg ansvar for smittevern, miljøretta helsevern, helsemessig beredskap og er kommunen sin medisinsk-faglege rådgjevar.

Legetenesta driv etter prinsipp om å gje time på dagen eller i løpet av få dagar. Me har ikkje ventetid. Legekontoret er ope måndag, tysdag, onsdag og torsdag. Helsesekretær er tilstades med unntak av ferietida.

Psykisk helseteneste har i tillegg til ansvar for å yte tenester til menneske med psykiske lidingar og rusproblem, ansvaret for tenester til menneske med diagnosen psykisk utviklingshemming eller redusert funksjonsevne. Som ein del av rammetilskotet til kommunen, mottok kommunen eit tilskot pr utviklingshemma innbyggjar. Me har to psykiatriske sjukepleiarar i kommunen, begge med stillingsheimlar på 100 %. Ein psykiatrisk sykepleiar er godkjent Vivat-instruktør og heldt kurs i sjølvmoedsførebyggjande arbeid. Helsesjukepleiar samarbeider godt med den psykiske helsetenesta og har i tillegg ansvar for elevsamtaler, psykisk helseteneste i skulen og barnehage samt nokre ansvarsgrupper.

Psykolog er tilsett i 20 % stilling og driv både kurativt arbeid og rettleiing av helsepersonell i kommunen. Vedkomande er og medlem i kriseteamet.

Modalen har 100 % helsesjukepleiar-stilling noko skuleelevar og barnehage har god nytte av.

Leiande fysioterapeut i 100 % stilling har klinisk fysioterapiarbeid på helsesenteret i tillegg til arbeid på Modalstunet og hjå dei heimebuande. Fysioterapeuten har ògg ansvar for søknad, opplæring/tilpassing, frakt og reparasjon av hjelpemiddel. Tenesta drifter trening- og trimgrupper og er med i koordinerande eining (KE). Fysioterapeuten bidreg i ergoterapifaglege spørsmål då det ikkje er ergoterapeut i kommunen.

Det er totalt 130 % stilling som kommunelege i Modalen, kommuneoverlege er inkludert i dette. Me har ein erfaren allmennlege i 50 % stilling og ein allmennlege som òg er spesialist i samfunnsmedisin i 80 % stilling. Legekontoret er på denne måten ope alle veker inklusiv ferietida. Helsesekretær har 80 % stilling. I ferieavviklinga hjelper anna personell i ekspedisjonen på legesenteret.

Me er sårbare på helsepersonellsida ved sjukdom. Likevel har me greidd å halde ope heile året inkludert ferietida. Å dele legestillinga i to mindre stillingar gjer oss mindre sårbare ved sjukdom. Det at alle i helseeininga er fleksible med tanke på oppgåver og i tillegg samarbeider særst godt er ein stor styrke. Me har ikkje hatt økonomi til å følgje opp tilrådingar i vernerunde.

Helsetenesta har nytt journalsystem på legekontoret og helsestasjonen. Det har vore ein god del meirarbeid og nokre meirutgifter i samband med dette.

Kommunelege: Mål 2025-28

- Sikre tilgjengelege helsetenester og førebyggjande tiltak med god kvalitet til folk i Modalen
- Ha god kapasitet på helsetenester, vaksinerings og førebyggjande tiltak
- Sikre kompetent personell i alle stillingar.
- Halde på gode samarbeidsrutiner ved helsesenteret med fagmøter annakvar veke og personalmøter med jamne mellomrom.
- Halvårlege øvingar i hjerte-lunge-redning for alle ved helsesenteret.
- Personalsamling ein gong i året.
- Ha faglege oppdateringar med undervisningsbolker etter behov.
- Ta del i vidareutdanning og anna kritisk kompetanseheving
- Følgje opp vernerunder og sikre trygge og gode arbeidsplassar på helsesenteret

4.1.9 Teknisk etat

Ansvarsområdet omfattar kommunale bygg (nybygg, drift, vedlikehald). Vedlikehald av anlegg og område. Plan, bygg, eigedom, miljø, kart og oppmåling, byggjesaker, veg, vatn, avlaup, boss, og landbruk/skogbruk.

Modalen kommune har ein stor bygningsmasse og mange utomhusanlegg. Desse anlegga vil òg i åra som kjem ha trong for vedlikehald. For å hindre forfall er det naudsynt med eit kontinuerleg vedlikehald. Dette vil i tillegg til bruk av eigne ressursar òg krevje innleige av eksterne firma.

Innan teknisk sektor er det stadig endringar innan plan og bygningslova, lov om eigedomsregistrering (matrikkellova), adresseregister og tekniske forskrifter. Modalen kommune har fokus på teoretisk og praktisk opplæring innan dette området.

Uteseksjonen:

Har ansvar for vaktmeisterntenesta, vaktordninga og brøytevaktordninga i kommunen. Teknisk etat har ei vaktordning som vert utført av 4 personar med vakt kvar fjerde veke. Det er etablert vakttelefon der den som har vakt skal rykkje ut ved feil på teknisk anlegg i kommunen.

Teknisk etat har i 2024 fått på plass eigen brøytevaktordning på Rode1 - Mo og Kleivane. Det vert utført av 4 personar med vakt kvar fjerde veke.

Tilsette på teknisk etat: 7 tilsette på reinhald , 5 tilsette på uteseksjonen, 2 tilsette på landbruk/skogbruk (innleige frå Alver) og 2,5 tilsette i administrasjonen.

Stillingsressurs: 12,2 årsverk.

Brannvern

Modalen kommune har inngått samarbeid med Nordhordland brann og redning. Brannordninga er organisert som vertskommunesamarbeid utan nemnd, der Alver er vertskommune.

Reinhaldstenesta

Har ansvar for dagleg vask og nedvask av dei kommunale bygga i kommunen.

Landbruk

Det er 10 aktive bønder i Modalen og det er positivt at ein klarar å halda opp produksjonen i kommunen. Næringsfondet har bidrege med støtte til fleire prosjekt. Det er trong for oppgradering av driftsbygningar i samband med nye lausdriftskrav, og det er difor viktig å koma i gang med planlegging av dette. Dette bør vera fokusområde dei neste åra.

Det er på fleire gardsbruk aktivitet med istandsetjing av bygningar og jord for å leggja til rette for framtidig drift. Landbrukskontoret bidreg med rettleiing og hjelp til tilskotssøknader.

Det er laga ny SMIL-strategi (Spesielle Miljøtiltak I Landbruket) for Modalen som gjeldt frå 2024-2028. Denne er retningsgivande for å prioritera statlege tilskot. SMIL-strategien skal stimulere til å oppretthalde og utvikle eit ope og variert kulturlandskap. Særskilte verdier i kulturlandskapet skal takast vare på og skjøttast, god agronomi skal fremjast, og ureining og tap av næringsstoff frå jordbruket skal reduserast. Prioriteringar som satsing på rydding av gamal kulturmark, nye bønder, verdifulle kultur- og bygningsmiljø er vidareført.

Det er laga ny strategi for ordninga OBB (Organisert BeiteBruk) som gjeldt frå 2024-2028. Denne er retningsgivande for å prioritere statlege tilskot .Føremålet med tilskotet er å leggje til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, reduserte tap på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområde.

Landbrukskontoret har vore involvert i prosjekt Smalband, for sporing av beitedyr i Stølsheimen. Betre nytting av beite i inn- og utmark er eit nasjonalt satsingsområde, og dette var eit samarbeidsprosjekt mellom fleire kommunar og beitelag. Utplassering av signalforsterkarar gjer at ein kan nytta seg av radiobjølleteknologi på sauene. Dette bidreg til lettare sanking, redusert tap av dyr på beite og lønnsemd og rekruttering til næringa. Tilbakemeldingar for 2024 er at teknikken no fungerer veldig bra. Prosjektet har vakse til å omfatta 182 medlemmar i 26 beitelag med 5700 bjøller fordelt i heile Vestland. Stølsheimen er det største området, og det har vore ytt tilskot gjennom ordninga organisert beitebruk til innkjøp av radiobjøller i beitelaga. For Modalen kommune er ivaretaking av fjellandskapet med beiting positivt både med tanke på nytting av denne ressursen til matproduksjon og som ein viktig faktor i kampen mot attgroing. Bruk av beiteressursar i fjellet og beiteteknologi er noko ein bør arbeide vidare med, og det bør satsast på at flest mogleg dyr får radiobjøller.

Prosjekt med å leiga inn geit frå Eksingedalen med «no-fence-klavar» til rydding av turområde ved Steinavatnet har vorte vidareført i 3 år til. Beitinga har hatt god effekt på å stogge og reversere attgroing, men ein ser at det tek tid og det er difor positivt at ein heldt fram med prosjektet.

Oppdaterte kart er viktig for landbruket fordi mange tilskotsordningar byggjer på areal i kart. Kommunen har ansvar for å rette feil i gardskart. Av ulike årsaker vart det ikkje synfaringar på AR 5 i Modalen dette året, men det vil gjennomførast i 2025. Det er laga ei elektronisk innmelding av feil i gardskart i Nordhordlandskart.

Landbrukskontoret førebudde sak om 0-konsesjon for drøfting i politiske utval, og deltok i møte for å svara på spørsmål. Gjeldande forskrifta om 0-konsesjon vart vidareført.

Landbrukskontoret har eit godt samarbeid med Modalen Bondelag og Norsk Landbruksrådgjeving Vest. Fokus på meir og betre grovfôr er eit område ein ynskjer å arbeida vidare med. Det er planlagt å starta opp att med fagsamlingar knytt til grovfôrproduksjon i samarbeid med NLR i 2025.

Landbruk har mellom anna jobba med tilbakeføring av gruber til jordbruksareal, og dette vil ein ha fokus på vidare framover.

Grunneigarane på Otterstadstølen har gjennomført eit prosjekt med oppattgrøfting av stølsvollen. Over tid hadde dei gamle grøftene sege att og både artsmangfald og beitekvalitet var sterkt redusert. Statsforvaltar gav løyve til tiltaket og Modalen kommune har gitt tilskot gjennom m.a. SMIL-ordninga. Dette er eit veldig positivt tiltak for å ta vare på viktige verdiar som det unike stølsmiljøet på Otterstad har.

Utmarksforvaltning

Frå september 2024 har ettersøksekvipasjen i Modalen kommune vore ein del av eit interkommunalt samarbeid med handtering av skada/ påkøyrt vilt i Alver, Austrheim, Modalen og Fedje kommunar. For å sikre ei hensiktsmessig organisering av arbeidet, har dei forskjellige personane i denne gruppe ulike roller avhengig av kompetanse og intensitet av ettersøk i dei ulike områda. Ettersøkspersonell i Alver kommune kan motta eventuelle suppleringsoppdrag i Austrheim, Modalen og Fedje kommunar, spesielt ved oppdrag som krev ettersøkshund, samt i ferie-/belastningsperiodar. Samtidig kan ettersøkspersonell i Austrheim og Modalen kommunar støtte oppdragstakarane i Alver kommune spesielt med

omsyn til avliving på veg på nordenden av Radøy, i gamla Lindås kommune samt områda aust for Eikefettunnelen.

I 2024 har Modalen kommune opplevd ei auke i søknader om bruk av helikopter i utmark. Modalen kommunen handsamar søknadar utifrå gjeldande lovverk og har vekt på at omsynet til villrein vektast tungt.

Det er gjennomført undersøking av beiteskadar av hjort på innmark til aktive bønder. Dei to som har svart melder om avlingstap på eng mellom kr 5000 og kr 50 000 som følgje av hjortebeiting

Flaumforebygging på Mo

Mudring av sandbanke ved utløpet til Mofjorden krev løyve frå Statsforvaltaren i Vestland. Det er starta eit arbeid med søknad, men dette er utsett i påvente av finansiering. Truleg vert mudring gjennomført etappevis over ein periode på fleire år, for å kunne tilpassa gjennomføringa best mogleg til anna aktivitet/bruk gjennom året.

Avtalen med Alver om landbrukstenester har fungert godt og vil verte vidareført. Modalen kommune vil òg halde fram med landbruksvikar i 51 % stilling gjennom avtale med Landbrukstenester i Hordaland.

Kalkingsanlegg

Kalkingsanlegget på Espeneset som starta opp i 2016, ligg under teknisk sitt budsjett. Både drift av anlegget og investeringane er fullfinansiert med midlar frå staten og eventuelt ved bruk av fondsmidlar til fiske og vilt som BKK årleg betalar. Kommunen står som eigar av anlegget og har ansvar for drifta etter særskilt avtale med staten.

Evaluering mål 2024:

- **Tilrettelegge nye små bustader på Kyrkjelydstomta.**

Evaluering:

Målsettinga delvis oppnådd. Stiv kuling Arkitekter har saman med Modalen kommune utarbeidd ei moglegheitsstudie for kyrkjelydstomta. Tomta vart lyst ut for sal og vart kjøpt opp av privat utbyggjar. Prosjektet er ein dispensasjonssøknad og er under handsaming i kommunen.

- **Oppgradere turveg inn til Dagsturhytta**

Evaluering:

Målsettinga vart oppnådd. Sherparar har oppgradert delar av turvegen inn til Dagsturhytta, og nytta alt av steinar som vart kjøpt inn mot slutten av 2022. Fyrste delprosjektet vart ferdig 2023. Andre delprosjekt vart ferdig i 2024.

- **Innmåling og dokumentasjon av VA - anlegg.**

Evaluering:

Arbeidet er påbegynt. Målsettinga vart ikkje oppnådd. Prosjektet held fram i 2025.

Teknisk etat - Mål for 2025

- Revisjon av kommuneplanen
- Nytt ventilasjonsanlegg i bassenget på Bryggjeslottet.
- Innmåling og dokumentasjon av VA - anlegg.
- Legge til rette for nye små bustader

4.2. Tabellar og oversyn:

«Små investeringar» og tiltak som vert ført i driftsbudsjettet

Beløpsgrensa og reglane knytt til kva utgifter som kan førast i investeringsbudsjettet medfører behov for å ha driftsmidlar tilgjengeleg til slikt føremål.

”Investeringar” der investeringsobjektet har ein verdi/kostnad under kr 100 000 skal ikkje førast i investeringsbudsjettet, men i driftsbudsjettet/-rekneskapen. Det same gjeld for utgifter til tiltak/prosjekt som ikkje vert vurdert å vere av «investeringsmessig karakter». Det gjeld til dømes vedlikehaldsutgift og reparasjonar, sjølv om kostnad er over kr 100 000.

Følgjande prosjekt er teke inn i innstillinga til småinvesteringar med løyvingar i planperioden 2025-2028:

Småinvesteringar 2025 - 2028:	2025	2026	2027	2028
Bua - utstyr og lokale	50 000			
Utstyr/ oppgradering Barnehagen	150 000		150 000	
Kommunale veger /asfaltering	1 000 000			1 000 000
SD – anlegg, ventilasjon på Flodmaal		150 000		
Reinholdsmaskinar			80 000	
Eigenandel fiber til Nygard og Steinsland	130 000			
	1 330 000	150 000	230 000	1 000 000

Utfyllande kommentarar til småinvesteringar 2025-2028:

BUA – utstyr og lokale

Midlar til utvikling og etablering av BUA er plassert i budsjettframlegget 2025.
Budsjettert kostnad 2025 kr 50 000.

Utstyr/oppgradering i Barnehagen

Betre lyssetting rundt Barnehagen som gjer det lettare å leike og vere ute på den mørkaste årstida. Innkjøp av utemøblar for småbarnsavdelinga.
Budsjettert kostnad 2025 kr 150 000.

Kommunale veger /asfaltering

Det er behov for reasfaltering fleire stadar i kommunen. Til dømes Kleivane, Kyrkjeteigen og skuleplassen.
Budsjettert kostnad 2025 kr 1 000 000.

Budsjettert kostnad 2026 kr 0
Budsjettert kostnad 2027 kr 0
Budsjettert kostnad 2028 kr 1 000 000.

SD – anlegg ventilasjon på Flodmaal

SD – anlegg (Sentral driftskontrollanlegg) er eit system som brukast til å overvake og kontrollere tekniske anlegg i ein bygning eller eit anlegg. Dette systemet gjev betre kontroll over energiforbruket og ein moglegheit for å optimalisere drifta av anlegga i bygget.

Budsjettert kostnad 2026 kr 150 000.

Reinholdsmaskiner

For å lette arbeidet til reinhaldarane er det viktig å investere i nye reinholdsmaskinar når dei gamle utgår.

Budsjettert kostnad 2027 kr 80 000.

Eigenandel til fiberutbygging på Nygard og Steinsland

Budsjettert kostnad 2025 kr 130 000

Upprioriterte Småinvesteringar 2025-2028 :

Innmeldt behov/ynskje som det ikkje er funnet rom for å prioritere i denne planen.

Markiser - Modalstunet

Det er behov for innkjøp av nye markiser til Modalstunet.

Kostnad kr 700 000

Utstyr til Modalstunet

Det er behov for innkjøp av utstyr, inventar og møblar til Modalstunet.

Kostnad 2025 kr 150 000

Kostnad 2026 kr 100 000

Løyvingsoversyn drift

Tabellen syner budsjettinnstillinga frå formannskapet med generelle driftsinntekter, samla nettoløyvingar til budsjettområda, finansutgifter, overføring til investering samt avsetjing til, og bruk av fond.

Løyvingane til rammeområda er konkretisert for dei einskilte områda i tabellen under løyvingsoversynet med overskrifta «Spesifiserte rammeløyvingar».

Tabellen er halde i faste 2025-kr frå året 2025 og framover.

Budsjettvedtaket for 2025 gjev eit netto driftsresultat på omlag kr 1,9 millionar. Dette utgjer om lag 1,5 % av samla driftsinntekt. Merk at resultatet i realiteten knyt seg til næringsfondsmidlar.

Merk òg at alle åra i økonomiplanen er saldert med eit driftsresultat **under** 3 %. 3 % er minimumsmåtalet kommunestyret har vedteke når det gjeld netto driftsresultat i prosent av samla driftsinntekt.

For 2025 er det synt ein tabell med konkrete tiltak sortert på dei ulike budsjettområda. Sjå lenger nede etter Løyvingsoversyn – drift, under overskrifta: Endringar, kutt, innsparingar og retting knytt til budsjettsalderinga 225 på side 36-37.

For åra 2026-2028 er det i stor grad lagt til grunn same budsjettnivå som i 2025. Dette fører til at driftsresultata i 2026 og 2027 vert svært låge, mykje lågare enn i 2025 og mykje lågare enn kva som er tilrådd som årleg driftsresultat over tid. Grunnen til at dette vert gjort er hovudsakleg å unngå for store endringar og tiltak frå år til år, når me ventar auke i eigedomsskatteinntekt som følgje av Statnett si utbygging av ny transformatorstasjon i Krossdalen. Åra 2026/2027 vert såleis ein overgangsfase i påvente av auka inntekt frå eigedomsskatt som reduserer behovet for varige nedtrekk i tenestene.

Unntak frå innstillinga til å halde løyvingane på om lag same driftsnivå i åra etter 2025:

Kultur: Tilskotsmidlar til lag og organisasjonar samt kulturminnevern er lagt inn att i økonomiplanrammene frå 2026 etter at det er lagt til grunn kutt/saldering av kr 135 000 i slike midlar i budsjettinnstillinga for 2025.

Sosial og barnevern: Årleg reduksjon i nettoløyvinga til rammeområdet. I praksis betyr det at kommunen må lukkast med å få flyktningar i arbeid så snart som råd etter at perioden med integrasjonsstønad er over. Flyktningar har rett på integrasjonsstønad i 1 år etter tilflytting. Dette må sjåast i samanheng med inntekta kommunen får frå integreringstilskot. Dette tilskotet er høgast i byrjinga av busetjinga av flyktningar, og vert så redusert årleg. I budsjettframlegget er årleg reduksjon i ramma til Sosial og barnevern lågare enn årleg reduksjon i integreringstilskotet. Me tek såleis høgde for at me ikkje klarer å aktivisere flyktningar i inntektsgjevande arbeid i like stor grad som tilskotet frå staten vert redusert. Det er likevel ein målsetjing om å få flest mogleg i arbeid.

Pleie og omsorg: Nettoløyvinga til rammeområdet i 2026 – 2028 er redusert med kr 800 000 i høve til framlegget for 2025. Det betyr at drifta frå og med 2026 må salderast med utgiftsreduksjonar eller auka inntekt, som t.d. inntekt frå utleige av institusjonsplassar. Pr i dag er dette usikkert.

Teknisk etat: I framlegget er det lagt inn ein auke i nettoløyvinga for økonomiplanåra 2026-2028 i høve til 2025 med kr 425 000. Dette er for å auke midlar til vedlikehald som er redusert for å bidra til totalsalderinga av budsjettframlegget for 2025.

Etter planen skal disposisjonsfond auke til om lag kr 4 millionar ved utløpet av 2028. Det meste av denne auken vil komme i 2028. I åra fram til det legg me til grunn å nytte fondsmidlane til å balansere drift og investering. Det vil vere relativt små midlar til å handtere og finansiere uføresette eller ynskte utgifter utover kva som inngår i økonomiplanen.

Løyvingsoversyn drift:

	Reknesk	Justert budsj	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	2023	2024	2025	2026	2027	2028
1 Rammetilskudd	28 065 027	29 900 000	36 617 000	36 617 000	36 617 000	36 617 000
2 Inntekts- og formueskatt	11 430 868	13 700 000	13 323 000	13 323 000	13 323 000	13 323 000
3 Eiendomsskatt	30 151 428	26 823 444	26 823 444	25 916 371	27 039 972	30 125 577
4 Andre generelle driftsinntekter	27 431 909	28 840 000	26 253 000	24 436 575	23 328 575	22 061 575
5 Sum generelle driftsinntekter	97 079 232	99 263 444	103 016 444	100 292 946	100 308 547	102 127 152
6 Sum bevilgninger drift, netto	92 621 274	93 857 663	95 899 414	95 533 524	95 300 231	95 412 556
7 Avskrivninger	7 757 177	8 000 000	8 000 000	8 000 000	8 000 000	8 000 000
8 Sum netto driftsutgifter	100 378 450	101 857 663	103 899 414	103 533 524	103 300 231	103 412 556

	Reknesk	Just budsj	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	2023	2024	2025	2026	2027	2028
9 Brutto driftsresultat	-3 299 218	-2 594 219	-882 970	-3 240 578	-2 991 684	-1 285 404
10 Renteinntekter	1 010 155	850 000	800 000	676 329	653 457	631 360
12 Vinst/tap på finansielle omløpsmidler	369 181	180 000	100 000	96 618	93 351	90 194
13 Renteutgifter	3 054 898	3 900 000	3 625 100	3 091 787	2 995 169	2 898 551
14 Avdrag på lån	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 415 459	2 333 777	2 254 857
15 Netto finansutgifter	-4 175 562	-5 370 000	-5 225 100	-4 734 300	-4 582 137	-4 431 853
16 Motpost avskrivninger	7 757 177	8 000 000	8 000 000	8 000 000	8 000 000	8 000 000
17 Netto driftsresultat	282 396	35 781	1 891 930	25 122	426 179	2 282 742
Disponering av netto driftsresultat						
	Reknesk	Just budsj	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	2023	2024	2025	2026	2027	2028
18 Overføring til investering	4 200 440	250 000	322 296	1 573 000	1 413 000	1 413 000
19 Avsetninger til bundne driftsfond	348 377	694 800	194 800	194 800	194 800	194 800
20 Bruk av bundne driftsfond	-1 092 705	-571 600	-821 600	-821 600	-821 600	-821 600
21 Avsetninger til disposisjonsfond	3 425 346	6 465 500	7 478 280	7 478 280	7 478 280	7 478 280
22 Bruk av disposisjonsfond	-6 599 062	-6 802 919	-5 281 846	-8 399 358	-7 838 301	-5 981 738
23 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
24 Sum disponeringer eller dekning	282 396	35 781	1 891 930	25 122	426 179	2 282 742
25 Fremført til inndekning i senere år	0	0	0	0	0	0

	Reknesk	Justert	Innstilling	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Løyvingar - budsjettområda:						
Rådmannen/sentraladm/fellesutg	18 331 890	18 014 456	17 168 345	17 200 000	17 200 000	17 200 000
Kultur	2 661 447	2 490 798	2 136 038	2 265 000	2 265 000	2 265 000
Næring	2 974 418	2 770 730	3 045 950	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Sosial og barnevern	6 177 138	5 865 718	4 428 317	3 550 000	2 800 000	2 550 000
Skule	14 250 135	13 721 038	14 229 354	14 000 000	14 000 000	14 000 000
Barnehage	6 155 045	5 983 618	6 226 234	6 200 000	6 200 000	6 200 000
Pleie og omsorg	21 305 100	21 812 022	24 700 055	23 900 000	23 900 000	23 900 000
Kommunelege	10 221 212	10 001 959	10 287 744	10 250 000	10 250 000	10 250 000
Teknisk	19 719 962	18 109 424	18 174 599	18 600 000	18 600 000	18 600 000
Sentrale postar	-10 875 746	-4 972 100	-5 668 822	-3 581 476	-3 144 769	-3 552 444
Småinvesteringar	1 700 672	60 000	1 330 000	150 000	230 000	1 000 000
	92 621 274	93 857 663	95 899 414	95 533 524	95 300 231	95 412 556

Endringer, kutt, innsparingar og retting knytt til budsjettsalderinga 2025, inkl justeringar gjort i formannskapet:

Sentrale postar m.m.	Beløp	
Småinvesteringar	-400 000	Utgifter til Kommuneplan overført til næringsområdet.
Småinvesteringar	130 000	Eigendel/bidrag til fiberutbygging Nygard/Steinsland
Småinvesteringar	-100 000	Korrigerig av innlegging i ebudsjett
Rammetilskot	-300 000	Auke jfr framlegg frå regjeringa fredag 01.11.24
Premieavvik	-1 321 823	Ny utrekning frå KLP med høgare premieavviksinntekt
	-1 991 823	
Rådmann/sentraladm		
Avg.pl salsinntekt	-1 200 000	Stipulert inntekt frå sal av konsesjonskraft
Godtgjering folkevalde	-50 000	Nedjustering
Ung jobb	-50 000	
Div postar	-217 000	Innkjøp, materiell, avgifter, konsulentutgifter
Opplæring	-50 000	Nedjustering av felles opplæringsmidlar
Avgift/kontingent	-165 000	KS kontingent. Flytte til næringsfond.
Rådgjeving/konsulent	-50 000	Nedjustering av budsjett
Vikar	100 000	Vikarmidlar til kundetorget
Sjukelønsrefusjon	-100 000	Finansiering av vikarmidlar
Pensjon og AG-avgift	-9 000	
Tilskot Mo sokn	-30 000	Formannskapet: Reduksjon tilskot med kr 30 000
	-1 821 000	

Kultur	Beløp	Merknad
Ung jobb	0	Omdisponering av lønsmidlane = ingen reduksjon i ramma til Kultur
Arrangement	0	Det er ikkje midlar i kulturbudsjettet til Modalsdagane. Kr 150 000 i 2024.
Tilskot	-135 000	Gjeld tilskotmidlar til lag og organisasjonar samt kulturminnevern. Kr 30 000 i tilskotsmidlar til lag og organisasjonar er lagt inn att i budsjettet av formannskapet
Avt.festa tillegg	82 038	Korrigerig av budsjett Bryggjeslottet
	-82 962	
Næring		
Landbruk	100 000	Deler av utgifta til kjøp av landbrukstenester flyttast til næringsområdet
Diverse	-380 000	Korrigerig av feil.
Kontingent	165 000	KS-kontingent. Overført frå Rådmannen/sentraladm
Informasjon vindkraft	60 000	Formannskapet: Løyver kr 60 000 til å finansiere informasjon om vindkraft
	-55 000	
Skule		
Ung jobb	-65 000	
Stillingar	-343 873	Redusere ressurs med til saman 100 % stilling med verknad for hausten 2025,
Underv.matr	-90 000	Nedjustering av budsjett
Kantine	-69 600	Auke i brukarbetaling. Auke prisen frå kr 1 750 pr år til kr 3 200 pr år.
	-568 473	
Barnehage		
Ung jobb	-68 365	
Div driftspostar	-50 000	Reduksjon av diverse driftspostar
	-118 365	
Pleie og omsorg		
Personalressurs/lærling	-517 707	Nettobeløp knytt til korrigerig av feil samt registrering lærlingeutgift
Brukarbetaling	-412 000	Korrigerig av budsjettbeløp for brukarbetaling
Sjukelønsrefusjon	-250 000	Auka stipulert inntekt frå sjukelønsrefusjon

Div innkjøp og inntekt	-90 000	Div innkjøp i drift, inventar og utstyr, reparasjonsutgifter bil samt noko inntektsauke
Utleigeplassar Modalstunet	0	Uavklart om utleige av plassar på Modalstunet 2025
	-1 269 707	
Sosial		
Barnevern	100 000	Drift av barnevernet. Auka fastdel
Barnevern	-290 000	Reduserte utgifter til tiltak
Div utgifter flyktningar	-145 000	Redusere utgifter til bustadar for flyktningar (Matr, utstyr, straum, tele/internett)
Skyssutgifter	-40 000	Fjernast. Ikkje lenger relevant.
Flyktningar	0	Stor reduksjon Integrasjonsstønad - Midlane overførast til Stønad sosialhjelp
Refusjon frå staten	-258 000	Grunntilskotet til Opplæring i norsk/samfunnsfag
	-633 000	
Kommunelege		
Personalressurs	-250 216	Stipulert innsparing/reduksjon 50 % stilling i eit halvt år.
Ref stat	-215 000	Helfo-refusjonar. Oppjusterer budsjettnivå etter oppdatering 2024.
Legevakt	80 000	Auke i utgift til Alver kommune etter mottak av oppdatert budsjett frå Alver
	-385 216	
Teknisk		
Ung jobb	-195 524	
Leasing	73 000	Korr/oppjustering av budsjettbeløp for leasing av transportmidlar
Vedl.hald	-679 000	Nedjustering av vedlikehaldspostane
Komm.avgifter	-200 000	Framlegg til prisauke for kommunale eigedomsgebyr for vatn og avlaup
Straum	-100 000	Nedjustering av samla budsjettbeløp til straum
Korreksjon	90 000	Korreksjon av inntekt knytt til utleige
Landbruk	-100 000	Utgiftsføre deler av utgifta til kjøp av landbrukstenester på næringsområdet
	-1 111 524	
Sum	-8 165 470	

Diverse merknader til budsjettinnstillinga

Modalsdagane	Ikkje midlar i budsjettframlegget
Forsikring	Behov for gjennomgang med leverandør med mål om utgiftsreduksjon
Eigenbetaling Pleie og omsorg	Vurdere å auke takstane målt mot nivået til nabokommunar
Lading ved kommunehuset	Vurdering syner at brukarbetaling er høgare enn løpande straumutgift
Ung jobb	Midlar trukket ut frå ulike budsjettområde. Kan få tilskotsmidlar etter søknad.
	Sak til kommunestyret når kommunen har fått svar på søknad om midlar.

Moglege tiltak, ikkje innarbeidd i innstillinga:

	Årsbeløp	
Utanlandsturar skulen	-75 000	Gj.snittleg årskostnad
Kantine skule	-414 000	Gjeld evt nedlegging
Kantine Flodmaal	-150 000	Gjeld evt nedlegging
Stipendordning vidaregåande elevar	-500 000	Beløp varierer i høve til talet på elevar
Medlemskap i diverse organisasjonar*	-50 000	Sjå under.
Auke kommunal eigedomsgebyr	-750 000	Ytterlegare auke i gebyr på sjølvkostområder. Inntekspotensiale.
	-1 939 000	

*Medlemskap i Lokalsamfunnsforeningen, Ungdom og fritid, Norsk kulturforum, Landssamanslutninga av nynorskkommunar, Stiftinga kystkultur, Geoforum, Musikk i skolen, Stiftelsen miljøfyrtårn, Folkeakademiet landsforbund, Nok. Bergen utgjør til saman om lag kr 50 000.

Økonomisk oversikt drift

Oversynet Økonomisk oversikt drift viser grupperte inntekts- og utgiftspostar for heile kommunen samla. I oversikten finn ein m.a. netto driftsresultat som er det viktigaste resultatomgrepet for å vurdere resultat og budsjettert resultat i ein kommune, og som syner resultatet av dei løpande inntektene og utgiftene.

Det er for 2025 budsjettert med eit **netto driftsresultat på kr 1,7 millionar** som er **1,5 %** av driftsinntektene.

	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	2025	2026	2027	2028
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekt	1,4 %	0,0 %	0,3 %	1,8 %

Økonomisituasjonen for kommunen er venta å halde seg stram i åra som kjem.

Sjå tabell med økonomisk oversikt drift 2025-2028. Dei fleste utgiftspostane og mange av inntektspostane for åra 2026-2028 er stipulerte nivå som samla samsvarar med saldert oversyn i Løyvingsoversyn drift, då me ikkje har laga detaljbudsjett for desse 3 åra.

Økonomisk oversikt drift 2025 - 2028:

	Rekneskap	Justert budsj	Innstilling	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Driftsinntekter						
1 Rammetilskudd	28 065 027	29 900 000	36 617 000	36 617 000	36 617 000	36 617 000
2 Inntekts- og formuesskatt	11 430 868	13 700 000	13 323 000	13 323 000	13 323 000	13 323 000
3 Eiendomsskatt	30 151 428	26 823 444	26 823 444	25 916 371	27 039 972	30 125 577
4 Andre skatteinntekter	21 859 438	22 123 000	21 863 000	21 740 923	21 646 575	21 646 575
5 Andre overf, og tilskudd fra staten	5 572 471	6 717 000	4 390 000	2 695 652	1 682 000	415 000
6 Overføringer og tilskudd fra andre	16 545 583	14 811 284	11 713 654	11 713 654	11 713 654	11 713 654
7 Brukerbetalinger	2 826 002	2 136 000	2 006 600	2 227 053	2 227 053	2 227 053
8 Salgs- og leieinntekter	6 457 076	6 470 010	8 385 938	8 875 302	8 875 302	8 875 302
9 Sum driftsinntekter	122 907 893	122 680 738	125 122 636	123 108 956	123 124 557	124 943 161

Driftsutgifter						
10 Lønnsutgifter	59 100 914	60 941 068	58 517 846	58 517 846	58 517 846	58 517 846
11 Sosiale utgifter	13 432 791	16 008 523	17 179 745	19 266 745	19 703 452	19 295 776
12 Kjøp av varer og tjenester	35 908 017	33 384 880	34 415 929	33 344 457	33 424 457	34 194 457
13 Overf. og tilskudd til andre	10 008 212	6 940 486	8 050 486	7 220 486	6 470 486	6 220 486
14 Avskrivninger	7 757 177	8 000 000	8 000 000	8 000 000	8 000 000	8 000 000
15 Sum driftsutgifter	126 207 112	125 274 957	126 164 006	126 349 534	126 116 241	126 228 565
16 Brutto driftsresultat	-3 299 218	-2 594 219	-1 041 370	-3 240 578	-2 991 684	-1 285 404

Finansinntekter						
17 Renteinntekter	1 010 155	850 000	800 000	676 329	653 457	631 360
18 Utbytter	0	0	0	0	0	0
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	369 181	180 000	100 000	96 618	93 351	90 194
20 Renteutgifter	3 054 898	3 900 000	3 625 100	3 091 787	2 995 169	2 898 551
21 Avdrag på lån	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 415 459	2 333 777	2 254 857
22 Netto finansutgifter	-4 175 562	-5 370 000	-5 225 100	-4 734 299	-4 582 137	-4 431 854
23 Motpost avskrivninger	7 757 177	8 000 000	8 000 000	8 000 000	8 000 000	8 000 000
24 Netto driftsresultat	282 396	35 781	1 733 530	25 122	426 179	2 282 742

Disp/dekning av netto driftsresultat:	2023	2024	2025	2026	2027	2028
25 Overføring til investering	4 200 440	250 000	322 296	1 573 000	1 413 000	1 413 000
26 Avsetjing til bundne driftsfond	348 377	694 800	194 800	194 800	194 800	194 800
27 Bruk av bundne driftsfond	-1 092 705	-571 600	-821 600	-821 600	-821 600	-821 600
28 Avsetninger til disposisjonsfond	3 425 346	6 465 500	7 478 280	7 478 280	7 478 280	7 478 280
29 Bruk av disposisjonsfond	-6 599 062	-6 802 919	-5 440 246	-8 399 358	-7 838 301	-5 981 738
30 Dekning av meirforbruk tidl. år	0	0	0	0	0	0
31 Sum disponeringer/dekning	282 396	35 781	1 733 530	25 122	426 179	2 282 742
32 Fremført til inndekning seinare år	0	0	0	0	0	0

5. Investeringsar

I økonomiplanen vert det lagt vekt på å halde investeringane i perioden på eit nivå som er tilpassa kommunen si økonomiske evne og mest mogleg i tråd med årlege driftsresultat og fondskapital.

Investeringslista for økonomiplanperioden 2025-2028 har slike totalsummar:

2025: kr 5,62 millionar

2026: kr 1,40 millionar

2027: kr 1,20 millionar

2028: kr 1,20 millionar

Sum: kr 9,42 millionar

Nivået på investeringane må over tid sjåast i høve til storleiken på resultat og avsetjingar til fond frå drifta. Når driftssituasjonen vert strammare og tilførsel til fond avtar, vert handlefridomen og høvet til eigenfinansiering av investeringar dårlegare. Investeringsnivået i denne planen er lågt bortsett frå 2025. Dette må sjåast i samanheng med låge driftsresultat, spesielt i åra 2026 og 2027.

Investeringsutgiftene i planen er foreslått finansiert med eigne midlar, mva-kompensasjon, sal av anleggsmidlar (bustadar), samt bruk av restlånemidlar frå 2024 i 2025.

5.1. Oversyn over investeringsprosjekt

Investeringsplan 2025 -2028	2025	2026	2027	2028
Oppgradering av ventilasjonsanlegget i bassenget i Bryggjeslottet	3 800 000			
Oppgradering av kommunale bygg	600 000	600 000	600 000	600 000
Diverse investeringar innan vatn og avlaup	400 000	400 000	400 000	400 000
Turvegar	0	0	0	0
Utbedring av fryse/kjølerommet på kjøkkenet på Modalstunet	0	0	0	0
Uforesette investeringar	0	200 000	200 000	200 000
Uteområde Mo skule	0	0	0	0
Forprosjekt m/budsjett oppgradering av Hall B i industribygget	500 000			
Ladepunkt for el-bil ved parkeringsplass Modalstunet	160 000			
Ladepunkt for el-bil ved parkeringsplass Mo skule	160 000			
Oppgradering av 4 bebuarrom ved Modalstunet (ca pris 2026)	0	0	0	0
Aktivitetspark forprosjekt	0	200 000		
Helsesenteret, oppgradering, ombygging, ny funksjonalitet og sikkerhet mv	0	0	0	0
Sum	5 620 000	1 400 000	1 200 000	1 200 000

5.2. Løyvingsoversyn – Investering

	Reknesk	Justert budsj	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Investeringer i varige driftsmidler	5 594 679	6 800 000	5 620 000	1 400 000	1 200 000	1 200 000
Investeringer i aksjer og andeler i selskap	230 928	250 000	253 000	253 000	253 000	253 000
Sum investeringsutgift	5 825 607	7 050 000	5 873 000	1 653 000	1 453 000	1 453 000
Mva-kompensasjon	-1 025 167	-1 320 000	-924 000	-80 000	-40 000	-40 000
Tilskot frå andre	-100 000	0				
Sal av varige driftsmidlar	-500 000	-1 750 000	-3 500 000			
Bruk av lån	0	-3 860 000	-1 126 704			
Sum investeringsinntekt	-1 625 167	-6 930 000	-5 550 704	-80 000	-40 000	-40 000
Vidareutlån	300 000	2 000 000	3 000 000	1 500 000	1 000 000	1 000 000
Bruk av lån	300 000	2 000 000	3 000 000	1 500 000	1 000 000	1 000 000
Avdrag på lån	505 438	535 000	450 000	500 000	550 000	550 000
Mottatte avdrag på utlån	578 232	400 000	474 000	524 000	574 000	574 000
Netto utgifter vidareutlån	-72 794	135 000	-24 000	-24 000	-24 000	-24 000
Overf frå drift	-4 200 440	-250 000	-322 296	-1 573 000	-1 413 000	-1 413 000
Avs til bundne inv fond			24 000	24 000	24 000	24 000
Bruk av bundne inv.fond	72 794	-135 000				
Avs til ubunde inv fond		130 000				
Bruk av ubunde inv.fond						
Netto overføring, samt fond	-4 127 646	-255 000	-298 296	-1 549 000	-1 389 000	-1 389 000
Netto investeringsbudsjett\	0	0	0	0	0	0

5.3. Utfyllande kommentarar til investeringsbudsjettet

Oppgradering av ventilasjonsanlegget til bassenget i Bryggjeslottet

Som følge av driftsproblem med ventilasjonsanlegget og dårleg inneklima, både i symjehall og teknisk rom er det naudsynt med utskifting av ventilasjonsanlegget til bassenget i Bryggjeslottet. Dagens ventilasjonsanlegg er plassert i teknisk rom/kjellar under bassenget. Dei klimatiske forholda i det tekniske rommet slit på anlegget, samt at lokaliseringa gjer det umogeleg å få inn nytt anlegg med tilstrekkeleg kapasitet. Anlegget må difor både oppgraderast og flyttast. Anbudsprosess og tildeling av kontrakt vart utført i 2024, prosjektet held fram med oppstart i 2025.

Budsjettert kostnad 2025 kr 3 800 000.

Oppgradering av kommunale bygg

Modalen kommune har kommunale bygg på Mo, Kleivane, Nedre-Helland og Øvre Helland av varierende alder og kvalitet. Den aldrande bygningsmassen saman med prisstigning gjer at det vert lagt inn framlegg til årlege midlar med kr 600 000 frå og med 2025.

Budsjettert kostnad 2025 kr 600 000

Budsjettert kostnad 2026 kr 600 000

Budsjettert kostnad 2027 kr 600 000

Budsjettert kostnad 2028 kr 600 000

Diverse investeringar innan vatn og avlaup

Vass- og avlaupsanlegga i Modalen kommune treng løpande oppgradering/fornyning av investeringsmessig karakter. Aktivitet og infrastruktur i tilsigsområde til drikkevassbrønnane kan medføre fare for forureining. Døme på dette er avlaupssystem i grunnen, landbruk, trafikk, fekal forureining frå vilt og fugl med vidare. Som del av arbeidet med handlingsplanen i KDP for vassforsyning, avlaup og vassmiljø, er det planlagt å fortsette sikringa av tilsigsområda våre med inngjerding av brønnområda. Det er òg planlagt å starte arbeidet med å utbetre slamavskiljar på Otterstad

Budsjettert kostnad år 2025 kr 400 000

Budsjettert kostnad år 2026 kr 400 000

Budsjettert kostnad år 2027 kr 400 000

Budsjettert kostnad år 2027 kr 400 000

Uføresette brot og anna vedlikehald vert føresett dekkja innan ordinær drift.

Uføresette investeringar

Løyving/buffer til mindre utføresette investeringstiltak utan konkret løyving. Rådmannen disponerer denne.

Budsjettert kostnad år 2025 kr 0

Budsjettert kostnad år 2026 kr 200 000

Budsjettert kostnad år 2027 kr 200 000

Budsjettert kostnad år 2027 kr 200 000

Forprosjekt - Oppgradering av Hall B i industribygget på Mo

Bygget ber preg av utdatering, både bygningsmessig og teknisk.

Fasilitetane til teknisk personell er ikkje i tråd med dagens krav, verken i høve til plan- og bygningsloven eller arbeidsmiljøloven. Arbeidstilsynet vil ikkje kunne godkjenne dagens fasilitetar som ligg inne i hall B til varig opphald. Diverse vernerundar har òg avdekka forhold som ikkje er akseptable. Det er ynskje om å sette i gang planlegging og prosjektering av personalrom, kontor og nye garderober til dei tilsette.

Budsjettert kostnad 2025 kr 500 000.

Ladepunkt for el-bil ved parkeringsplass Modalstunet

Ladestasjon for el-bilar ved Modalstunet for personalet. Fleire tilsette har el-bil og nyttar i dag 2 16 ampers sikringar for motorvarmarar som er sett opp ved parkering på Modalstunet.

Budsjettert kostnad 2025 kr 160 000.

Ladepunkt for el-bil ved parkeringsplass Mo skule.

Fleire tilsette ved Mo skule har no elektriske bilar. Dette er i tråd med nasjonale føringar, å få ned utslepp mellom anna frå bilar som nyttar fossilt drivstoff. Stadig fleire arbeidsplassar legg no til rette for at tilsette skal kunna lada køyretøya sine medan dei er på jobb. I Modalen ser ein at fleire av dei kommunale arbeidsplassane allereie tilbyr dette, og ein ynskjer/venter at Modalen kommune legg til rette for at tilsette ved ein av dei største arbeidsplassane i kommunen òg kan få dette tilbodet.

Budsjettert kostnad 2025 kr 160 000.

Aktivitetspark forprosjekt

I kommunestyret vart det på grunnlag av ungdomsrådet sin uttale til budsjett og økonomiplan, diskutert og vedteke å legge inn løyving til utvikling av aktivitetspark for ungdom og utvikling og etablering av BUA.

Budsjettert til Aktivitetspark forprosjekt kostnad 2026 kr 200 000.

Prosjektområde/tiltak utan løyvingar i framlegg til investeringsplan 2025-2028:

Turstiar på Nygard i samarbeid med hytteforeining / vellag.

Turveg Helland – Mo

Sykkelveg / lysløype for ski vinterstid

Øvre Helland

Turvegar

Prosjektet kan sjåast i lag med investering i Dagsturhytta i 2021 ved Steinavatnet. Sherparar har oppgradert delar av turvegen inn til Dagsturhytta i 2023 og 2024 som planlagt. Det er behov for å vidareutvikla og opparbeide turvegen inn til Dagsturhytta . Dette vil vere eit viktig folkehelseiltak for alle aldersgrupper. Løyvingane må òg sjåast i samanheng med tiltak i Kulturplanen 2020-2029 som omfattar turvegar, turstiar og sykkelvegar.

Budsjettert kostnad 2025 kr 0

Budsjettert kostnad 2026 kr 0

Budsjettert kostnad 2027 kr 0

Budsjettert kostnad 2028 kr 0

Utbetring av fryse-/kjøleromma på kjøkkenet på Modalstunet

Det er behov for å bytte ut eksisterande kjølerom på kjøkkenet til Modalstunet.

Kjølerommet er frå bygget var nytt på 80 – talet og fungerer ikkje slik det skal.

Budsjettert kostnad 2025 - 2028 kr 0

Uteområde Mo skule

Mo skule har fremma ynskje om å få etablert ein pergola til skuleplassen.

Budsjettert kostnad 2025 -2028 kr 0

Modalstunet - oppgradering av 4 bebuarrom

Det er behov for oppgradering av fire stk. bebuarrom ved Modalstunet.

Helsesenteret, oppgradering, ombygging, ny funksjonalitet og sikkerhet:

Det er behov for oppgradering og innkjøp av utstyr. Ombygging av kontor helsesekretær og akuttrom. Ny dør mellom legekantor og helsesjukepleier.. Ny inngang til akuttrom.

Budsjettert kostnad 2025 -2028 kr 0

Tilrettelegging av nytt bustadareal på Nedre Helland, opparbeiding av ny infrastruktur og asfaltering.

I kommunestyret i sak 017/2018 vart det vedteke at kommunestyret ønskjer å sette i gang regulering på Kleivane, på område som allereie er avsett til bustadområde i kommuneplanen.

Dette arbeidet er ikkje sett i gong.

På Helland er det eit regulert bustadområde som var eigd av privat grunneigar. Området er ikkje utbygd. Kommunen har no kjøpt det regulerte bustadområdet. Det er difor behov for midlar til tilrettelegging av arealet. Ny infrastruktur må på plass. Det gjeld VA - arbeid, ny pumpestasjon og kummer, asfaltering, opparbeiding av veg, grøfter, asfaltering og gatelys.

Budsjettert kostnad 2025 kr 0

Budsjettert kostnad 2026 kr 0

Budsjettert kostnad 2027 kr 0

Budsjettert kostnad 2028 kr 0

Prosjektet er satt på vent inntil vidare, då Helland har ledige tomter som fyrst kan seljast.

Nytt amfi i Bryggjeslottet

Eksisterende amfi som er i Byggjeslottet er gammelt og utslitt. Det har vore fleire forsøk på å reparere amfiet utan å lykkast. Nytt amfi har ein kostnad på kr 5 600 000.

Leikeplass, Kyrkjeteigen

Leikeplassen på Kyrkjeteigen treng å oppgraderast. Leikeapparata ute har begynt å forfalle og treng mykje vedlikehald. Det har vore leikeplasskontroll som peikar på at utstyret er dårleg. Leikeutstyret treng såleis å fornyast samt at det er behov for skifting av fallunderlag.

Prosjektet har ein kostnad på kr 700 000

Oppgradering leikeområde i barnehagen


Leikeplassen i barnehagen er 16 år og ber preg av mykje bruk. Barna oppheld seg i barnehagen i ca. 45 timar pr veke, der mykje av dagen er på uteområdet. Nokre apparat har store råteskader/er øydelagde.

Det er lite på den noverande leikeplassen som er tilrettelagt for dei yngste barna. No er det ynskje om å oppgradere leikeområdet bak småbarnsavdelinga til eit brukarvenleg område for dei yngste barna 1-3 år. Leikeplasskontrollen har i mai 2021 avdekka manglar ved apparatet og har klassifisert alvorsgrada i dette at det kan føre til mindre alvorleg skade, dei tilrår utskifting.

5.4.Fondsmidler og lånegjeld – utvikling


Diagrammet for disposisjonsfondsmidler under syner utvikling i samla frie fondsmidler til og med året 2024 med samla kapital kr 1,6 millioner pr 31.12.24 (prognose).

Diagram: Utvikling disposisjonsfondsmidler 31.12.19 – 31.12.24



For åra i planperioden 2025 - 2028 er det synt utvikling i disposisjonsfondsmidlane i diagrammet under. Diagrammet starter pr 31.12.21 og syner nedgangen fram mot 31.12.24 og at utviklinga så snur positivt og er nokolunde balansert planperioden 2025-2028 under eitt.

Diagram: Utvikling disposisjonsfondsmidler 31.12.21 – 31.12.28



	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Disp.fond 31.12 i % av driftsinntekt	7,1 %	4,4 %	1,6 %	1,3 %	2,9 %	2,3 %	2,0 %	3,3 %

Avvik/endring i høve til føresetnadene i økonomiplanen vil sjølvsagt påvirke utviklinga. Samla disposisjonsfondsmidler vil verte i tråd med diagrammet dersom drift og investering

vert gjennomført innanfor rammene som no ligg i framlegg til budsjett og økonomiplan for åra 2025 – 2028.

Utvikling i lånegjeld:

	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Lånegjeld 31.12 i % av driftsinntekt	57,5 %	53,4 %	47,9 %	48,1 %	45,5 %	44,4 %	43,1 %	41,7 %
Lånegjeld (i 1000 kr)	63 083	60 571	58 071	59 431	56 931	54 431	51 931	49 431

Tabellen syner utvikling i lånegjelda i planperioden basert på aktuell opplåning og avdragsbetaling slik det er lagt inn i framlegget til budsjett og økonomiplan 2025-2028. Lånegjelda auka vesentleg i 2020 og 2021. I planperioden er det ikkje lagt til grunn låneopptak til investeringar. Det er såleis lagt til grunn ein jamn nedgang i tråd med avdragsbetaling.